

Skjåk kommune

# ÅRSMELDING

SKJÅK KOMMUNE

# 2020



# GLIMT FRÅ 2020

JANUAR



Foto: Edel Kveen

## OMVISNING I ØYBERGET KRAFTSTASJON

Kommunedirektøren får omvisning i Øyberget kraftstasjon av Morten Brekkom.



Foto: Edel Kveen

## PANDEMI

Pandemi med Covid-19 set heile landet på prøve. Beredskapen blir viktig, og ei periode er det møte dagleg. Nye smittevern-rutinar skal opparbeidast og arrangement blir avlyst.



MARS



Foto: Edel Kveen

APRIL

## PANDEMIRESTRIKSJONAR

Pandemien gjev restriksjonar for påskegjestar og hyttefolket. Det er berre dei med adresse i Skjåk som får bruke hyttene sine. Det blir ei underleg stille påske for dei fleste. Det er mykje snø i Skjåk, og dei som får bruke hyttene, har mykje arbeid før dei kjem inn i hyttene sine.

JUNI

## UTSTILLING

Kulturskulen har utstilling med gode smittevern-rutinar.



Foto: Runa Aurmo

JANUAR

## AGENDA INNLANDET

Sentral fylkeskommunal næringslivssamling, Hamar. Skjåk var svært synleg med Interfil og Denis Osmanovic på scena.



Foto: Edel Kveen

FEBRUAR

## FELLES KONTOR

Folkevaltopplæring på Mogard med Trond Lesjø frå KS.



Foto: Elling Starrem

## RAS I VIKEDALEN

25.februar. Skjåk er isolert frå resten av Gudbrandsdalen. Får assistanse frå Stryn med ei ambulanse stasjonert i Skjåk kommune. Fleire akutt sjuke denne dagen, bære frakta over raset.

MAI



Foto: Elling Starrem

## 17. MAI UTAN BARNETOG

Smittevern-rutinene er årsak til at vi får fyrste 17. mai feiring utan barnetog. Det var alternativ feiring sendt på nett, Lom og Skjåk Brass går ekstra lang runde, Songlaget syng på Skjåkheimen, og dagens tale var på Skjåkheimen. Kulturskulen, barnehagene og skulen hadde forberedt innslag til dagens sending. Messa vart streama. Veteranbilfolket sørge for stasleg veteranbiltog både nordover og sør- over i bygda.

JULI



Foto: Edel Kveen

## KJÆRLEIK

Kjærleiken blir feira uavhengig av pandemi. Bryllup på Krossen og Fjellpride på Sota

## KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE OG ORGANISASJONSKART



### Glimt frå 2020

#### Innhald

Kommunedirektøren si leiargruppe og organisasjonskart **4**

Kommunedirektøren ser attende – 2020 **5**

**1. Befolkningsutvikling** **6**

**2. Mål og resultat** **10**

Strategiske mål 2020–2023 **14**

**3. Prioriteringar** **14**

*Inkluderande barnehage- og skulemiljø* **16**

*Bruka av digitale hjelpemidlar i skulen* **16**

*Fagfornyninga i skulen* **18**

*Vidareutdanning av lærar* **20**

*Korps i skulen* **24**

*Kulturskolebasert Vurdering for Læring - KuVfL* **26**

*Leve hele livet* **27**

*Berekraftig bufellesskap og avlastning* **31**

*Ny arbeidstidsordning* **30**

*Digitalisering og bruk av velferdsteknologi* **35**

*Kompetanseheving innan helsesektoren* **37**

**4. Årsrekneskap** **38**

**5. Organisasjonen** **54**

*Sjukefråvær* **54**

*Personalet* **55**

*Arbeidstid* **57**

**6. Tenesteområde Oppvekst og utdanning** **58**

**7. Tenesteområde Helse og omsorg** **80**

**8. Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling** **94**

**9. Kommunedirektør, stab og politikk** **112**

*Politisk aktivitet* **113**

*Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtaler* **114**

Glimt frå 2020 **116**

# Kommunedirektøren ser attende

Vi kan sjå attende på året 2020 som eit innhaldsrikt og krevjande år. Skjåk og heile verda har vore prega av ein usikker situasjon som følgje av spreining av viruset Covid-19. Skjåk kommune er ein god kommune å bu og leve i! Vi må derfor ha trua på at alle aktørar skal komme seg gjennom denne krisa vi no står i på ein måte som legg grunnlaget for ny vekst.

Det har vore sett inn kraftfulle tiltak for å avgrense smittespreiing og fleire krisepakker for å kompensere for dei tapa næringslivet lid som følgje av situasjonen. Samstundes som vi alle har vore sterkt prega av covid-19 pandemien har det skjedd mykje i Skjåk i 2020. Det er spesielt å skulle summere opp 2020 under desse omstenda. Eg kan ikkje få takka personalet i kommunen nok, som utfører eit svært godt arbeid vi alle kan vere stolte av. Her kan nemnast forebyggande smitteverntiltak, kreative tiltak på tvers av tenesteområda, deltaking i digitale møte, arbeid frå heimekontor samstundes som den ordinære drifta har gått sin gang. Både personalet og politikarane har synt ein fleksibilitet og ei tilpassing som har imponert meg. Det er også spesielt gledeleg å kunne presentere eit svært positivt økonomisk resultat for politikarane i kommunen.

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2020. Gjennom årsmeldinga beskriv ein omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar i løpet av året.

## Sjukefråvær

I Skjåk har vi dei siste åra hatt eit høgt nærvær. Innsatsen for å auke nærværet eller redusere sjukefråværet er viktig. Dette er eit tema vi kontinuereig har på dagsordenen. I 2020 har vi hatt eit aukande sjukefråvær. Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 6 %. I 2020 er fråværet på 10,2%. 2020 har vore eit spesielt år med tanke på pandemi, og dette har nok innverknad på auke i sjukefråværet.

## Endringar i toppleiinga

Det har vore endringar i kommunen si toppleiing i 2020. Kommunalsjef for Miljø- og samfunnsutvikling, Eli Johanne Lundemo, gjekk av med pensjon den 30. april. Johannes Bjarne Alme har vore konstituert som kommunalsjef for Miljø og samfunnsutvikling sidan 18. mai. Roger Johansen er tilsett som ny kommunalsjef for Miljø- og samfunnsutvikling og tek til i stillinga i juni 2021. Kommunalsjef for Helse og omsorg, Hilde Reiten, starta i ny jobb i Vågå 1. august. Inger Helene Brandsar vart tilsett som ny kommunalsjef for Helse og omsorg.

## Barn og unge

For skuleåret 2019-20 ligg grunnskulepoenga i Skjåk på eit gjennomsnitt som er 42,8. Landsgjennomsnittet i same periode er 43,1. I Skjåk ynskjer vi å ha grunnskulepoeng som ligg over landsgjennomsnittet så her har vi litt å strekke oss etter. Skulen har ein del utfordringar blant barn og unge som det må arbeidast systematisk med framover. Det er elevar som opplever mobbing i skulen. Det er ikkje greitt når elevar opplever at skuledagen er utrygg og dei kjenner seg krenka, enten det er av medelevar eller vaksne på skulen. Dette er alvorleg, og det er merksemd på dette gjennom arbeidet framover. Alle som veks

## Økonomi

Det kommunale driftsnivået er framleis høgt, og på en del område også samanlikna med andre kommunar. Vi må derfor vere budd på å halde fram med omstilling. Kommunen – politikarar og tilsette - har høge ambisjonar og det er derfor eit krevjande arbeid å utnytte ressursane mest mogleg effektivt. Innbyggjarar og næringsliv har også store forventningar til oss, noko som er motiverande når vi saman skal jobbe for å gjere Skjåk til ein god stad å bu og å drive næringsverksemd i. Særleg når tidene er usikre er det viktig at vi står saman om dette. Økonomisk sett var 2020 eit positivt år for Skjåk kommune.

Overskotet blei på 11,9 millionar kroner og korrigerert netto driftsresultat blei over 15,4 millionar kroner, som utgjer 6,1 % i høve til omsetnaden. Inntektene har auka på fleire postar. Skjåk kommune har eit svært godt resultat i 2020, til tross for svake inntekter på konsesjonskraft og vesentleg høgare kostnadar til ressurskrevjande.

opp i Skjåk skal kjenne seg trygge og verdsette av medelevar og vaksne.

Dei siste åra har det vore satsa mykje på digital kompetanse og bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet. Dette er noko som har kome godt med i ein situasjon med heimeundervisning, som følge av covid-19 pandemien.

### Pleie og omsorg

Kvalitetsreforma «Leve hele livet» blei lansert i mai 2018 og skal bidra til ein god alderdom, at ein kan meistre livet lenger, og at eldre har tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det. Målgruppa for «Leve hele livet-reformen» er alle over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon.

Reformperioda for «Leve hele livet» er frå 2019–2023. Følgande tidsplan er skissert i stortingsmeldinga (sjå nedst på sida):

Kommunen må i større grad legge til rette for at fleire kan bu heime lenger. "Leve hele livet" er ei reform for alle som jobbar i helse- og omsorgstenesta. Den skal også inspirere til å finne nye arbeidstidsordningar og ta i bruk ny teknologi, nye metodar og løysingar.

### Næringslivet i Skjåk

Næringslivet i Skjåk er svært allsidig og spennande. Bedriftsportrettet har vore ein aktivitet for næringsavdelinga for å kome ut på besøk i bedriftene og for å lyfte fram næringslivet i Skjåk. Innan næringslivet er det reiselivsbedriftene som har vore sterkast råka av Covid-19 pandemien. Nedstenginga i mars og april gjekk hardt utover reiselivsbransjen, som mellom anna mista heile påsketraffikken. Ein svært god sumarsesong retta opp noko av totalbiletet. Industrien, landbruket og byggebransjen ser ut til å ha greidd seg godt. For landbruket har Covid-19 til dels vore positiv. Det har vorte større bevisstheit kring produksjon av norske råvarer og mindre grensehandel. Pandemien har ikkje ført til nedgang i byggesaker handsama av kommunen, og byggevareforhandlarane melder om svært godt sal i 2020.

### Flaumførebygging rundt Bismo

I juni 2020 starta NVE opp ei moglegheitsstudie som gjeld flaumførebygging rundt Bismo. Utgangspunktet er ein flaumvoll som går rundt store delar av Bismo. Beregninga syner at den vil kunne bli om lag 2,5 km lang og vil vera 3 meter brei på toppen. På det høgaste vil flaumvollen vere 2-2,5 meter over eksisterande bakkenivå. Kostnadsoverslag og nytte/kost beregning vil snart vere klart og det ser ut til at løysinga blir sendt ut på høyring i løpet av våren 2021. I juni 2020 var det stor snøsmelting og høg vassføring i elvane. Det vart behov for kommunen å etablere ei akutt flaumsik-

ring ved Signegarden. Det var eit godt grep av kommunen å etablere ei akutt flaumsikring. Her hastar det å få på plass ei permanent løysing.

### Det er dei små tiltaka som utgjer den store forskjellen

Det er eit stort engasjement og kreativ aktivitet i kommunen. I den samanheng kan ein trekke fram nokre eksempel på det gode arbeidet.

- Nettsida Skjåk.no har vorte re-designa og alt innhald, bilde og film er nytt.
- 17. mai-feiringa vart ikkje stoppa av covid-19. Komiteén planla og gjennomførte eit stort og godt program som vart strøyma.
- I 2020 vart det lagt ut nye tomter med flott utsikt i Skei-3.
- Kjøkenet på Skjåkheimen produserer heimelaga mat av høg kvalitet med råvarer i all hovudsak frå lokale produsentar.
- Bismotunet bufellesskap stod ferdig ved årsskiftet, og innflytting ble gjennomført i 3. februar.
- I 2020 starta arbeidet med revisjon av kommuneplanens
- arealdel for Skjåk.
- Finn Sandum blir tildelt Skjåkprisen for diktning, song, samfunnsengasjement og kulturperson.
- Næringsstrategi, oppstartssamling med Næringslivet i
- Marlo grendahus.
- Kulturskolen arrangerte nettbasert konsert

Dette er berre noko av det som skjedde i kommunen i 2020. Takk til alle tilsette i Skjåk kommune for innsatsen, det er dykk som skapar innhaldet i den gode kommunen.



*Ivar Bø*  
Ivar Bø  
Kommunedirektør



Prosessen er seinare justert noko, med bakgrunn i korona. Det vil seie at vi har noko meir tid enn det denne prosessen antyd.

## 01

# Befolkningsutvikling


Som oversikta under viser, har Skjåk kommune hatt ei negativ folketalsutvikling dei siste ti åra under eitt. Det er ikkje ein enkel grunn til dette, men kombinasjonen av negativt fødselsoverskot (fleire døde enn fødde), at unge flytter ut for å ta utdanning og får arbeid ute etter ferdig utdanning er ein stor del av forklaringa. For mange bygder som Skjåk har dette vore utviklinga dei seinare åra, ikkje minst gjed dette for mange av kommunane i Innlandet. Da flyktningestraumen var på det høgaste i 2015, klarte busetting av flyktningar å kompensere for ein del av folketalstapet. Etter at dei er ferdige med det treårige introduksjonsprogrammet, er det mange som flytter ut, særleg til dei større byane.

Mange ungdommar reiser ut for å ta utdanning kjem ikkje att fordi det ikkje er tilpassa arbeid til dei. Denne erfaringa deler Skjåk med svært mange kommunar i same situasjon. Den største aldersgruppa er 45–69-åringane. Det er i denne gruppa mobiliteten er lågast. Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida. Skjåk har ein høg del eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra. Eit fenomen er at blant dei over 80 år er ein langt høgare del kvinner enn menn. Dette er ikkje overraskande sidan kvinner generelt lever lengre enn menn.


## Framskriving av befolkningsutviklinga i Skjåk

Framskrivinga under viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + (Data frå SSB).

## Folketalutvikling



## Folketalframskriving



Figuren over viser folketalsprognose fram til 2040. Sjølv om utviklinga kan synast dystert, er det ein peikepinn om at kommunen må halde fram med eit målretta arbeid for at folk vil ønskje å busette seg i Skjåk.




Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida.



Skjåk har ein høg del eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra.



Det er gledeleg å sjå at yngre med høg kompetanse er interesserte og finn glede av å bu i Skjåk og ta del av samfunnslivet her.



Figuren over viser at nedgangen er størst i gruppa 18-66 år, altså den yrkesaktive delen av befolkninga. Det er viktig å skape arbeidsplassar, gode bumiljø og ikkje minst gode tenester.

Skjåk kommune må i si planlegging og i sine strategiske val, legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Dette viser at kommuneplanens budskap om at det er viktig å etablere gode nærmiljø, gode tenester og ikkje minst arbeidsplassar, er faktorar for å få til ei meir positiv utvikling i folketalet. Det er møysamleg arbeid, som ikkje er løyst på ein dag.

Samfunnsdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017–2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamansetjing, klima og miljø og migrasjon.

# 02

## Mål og resultat

Kommunen sine utfordringar, innsatsområde og strategiske mål 2020 – 2028 og prioriteringar for 2020 er i forankra i dokumenta kommuneplanen 2017-2028 og Økonomiplan og budsjett 2020 – 2023.

### Strategiske mål 2020–2028

Skjåk kommune har godt utbygde kommunale tenester. Ressursinnsatsen er høg samanlikna med mange andre kommunar. Skjåk kommune prioriterer tiltak som skal gjere Skjåk til ein meir attraktiv plass å bu. Kommunen har eit aktivt samarbeid med andre kommunar i regionen, og dette er naudsynt for å sikre innbyggjarane gode tenester.

## STRATEGISK MÅL 2020–2028

### 1. Resultat – økonomi

Økonomiplan og budsjett 2019 – 2022 har eit vedtak om at kommunen skal ha eit positivt netto driftsresultat for alle åra, KST sak 82/18. I 2019 skal netto driftsresultat utgjere minst 0 % av kommunens driftsinntekter.

**Resultat:** Netto driftsresultat for 2019 er på 6,1 %

### 2. Samarbeid med andre

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover. Kommunen innleiar samarbeid med nabokommunane når dette er naudsynt for å gje effektive tenester av høg kvalitet.

### 3. Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik

- Kommunen skal vera klimanøytral innan 2025, dette må gå att i alt planarbeid
- Skjåk skal vere ein trygg og sikker kommune og skal både førebygge og vere budde på ulykker og katastrofar
- Kommunen skal satse på auka grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgjevne fortrinn
- Ein berekraftig velferd og lokal trivsel
- Oppdatert klimaplan

### 4. Flyktningar

God integrering av flyktningane, med gode bustader, tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.

### 5. Barn og unge

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø som styrkar heimstadkjensla og som gjev gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår der det blir lagt til rette for leik og læring i trygge omgjevnader. Det skal leggjast vekt på førebygging og tidleg innsats. Dette vil styrke heimstadkjensla.

### 6. Helse- og omsorg

Fagleg gode og lett tilgjengelege tenester og eit godt samspel med spesialisthelsetenestene slik at innbyggjarane får dei tenestene dei treng – på rett nivå.

### 7. Samfunns- og næringsutvikling

Ein vekst i sysselsetting på 10 årsverk per år fram til 2028, til saman 100 årsverk i perioden. Dette kan skje gjennom utviding av eksisterande verksemder, gjennom nyetableringar og gjennom auka kommunal aktivitet. Innbyggjarane skal ha eit breitt tilbod av kulturaktivitetar og folkehelseilbod. Det skal leggjast til rette for aktivitetar og nærmiljøanlegg der folk bur. Potensialet for kultur i næring må utnyttast.

## Prioriteringar 2020

### *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*

Den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» vart fullført i løpet av 2020. Sluttvurderingane frå barnehagane og skulen viser at dette har gjeve eit kompetanseløft. Det er samstemt frå skulen og barnehagane at dette har endra praksis.

Det gjev verdifull kompetanseheving i arbeidet med å førebygge og arbeide med utfordringar i skulemiljøet.


Skjåk kommune har vore med i pulje 3 i den nasjonale satsinga for å vidareutvikle gode helsefremjande læringsmiljø i barnehage og skule. Satsinga har vore gjennomført utan dei planlagde nasjonale samlingane i 2020 på grunn av Koronapandemien. Det har vore gjennomført digital samling i staden.

Vi har ressursar til å vidareføre ein ressursperson ut skuleåret 2020–21. Ressurspersonen si hovudoppgåve er å koordinere og følgje opp arbeidet i barnehagane og skulen. Ho er ressursperson i det kollektive arbeidet i personalgruppa for å vidareutvikle kompetanse og praksis.

### **Mål for satsinga er eit miljø som fremjar god psykisk helse:**

- Alle skal oppleve å bli sett
- Styrke emosjonell kompetanse og empati
- Felles fagspråk og forståing
- Kunnskap om kva som fremjar inkluderande miljø
- Kollektiv handlingskompetanse hjå tilsette for å ta tak i situasjonar som oppstår
- Styrke samarbeid barnehage/skule og heim

I første halvdel av 2020 vart det arbeid med å lage ein rettleiar for aktivitetsplikta. Mot slutten arbeidde fagarbeidarane våre med å gjera om på SFO slik at rommet vart meir tilrettelagt for lek. Dei fjerna ein del bord og stolar, laga litt krokar og fylte opp med kasser som ein kunne byggje med. Vestibylene utanfor SFO vart også teke i bruk som leikeareal. På grunn av korona er ikkje alle leikene framme på likt i og med at dei ligg eit par dagar i karantene. Målet er at vi skal fornye og oppgradere leiker i løpet av 2021



### *Bruk av digitale hjelpemiddel i skulen*

Arbeidet med å vidareutvikle bruken av digitale verktøy i læringsarbeidet er blitt vidareført i løpet av 2020. Innføring av nettbrett er i gang for ungdomssteget.

Situasjonen med stenging av skulen og heimeundervising våren 2020 og i periodar elles for enkelte klassar, har vist at satsinga på barnesteget har gjeve Skjåk eit godt utgangspunkt for å møte utfordringar ved heimeskule.

Satsinga på nettbrett på ungdomssteget har vore meir krevjande, særleg på grunn av koronasituasjonen. Det har gjeve ekstra utfordringar for gjennomføring av opplæringa, og for leverandøren av kompetanseprogrammet som har hatt sine utfordringar i dette, mellom anna med bemanning.

Målet med satsinga er at IKT skal brukast som eit verktøy for å innfri krav i læreplanen om ein aktiv elev som tileignar seg og brukar kunnskap og ferdigheiter til å mestre og løyse oppgåver i kjente og ukjente samanhengar og situasjonar, og å kunne forstå og ha evne til refleksjon og kritisk tenking.

Digital kompetanse er ein av fem definerte grunnleggande kompetansar i grunnskulen.



### *Fagfornyina i skulen*

Frå hausten 2020 vart ny revidert læreplan teken i bruk for alle klassar, med unntak av 10. klasse.

Førebuinga av dette har ikkje vore optimal, sidan mange av dei planlagte fagsamlingane på regionalt- og fylkesnivå vart avlyste eller utsette. Dei fleste er likevel gjennomførte digitalt i ettertid.

Det er viktig å få ei felles forståing for betydning av innhald i dei nye planane for skulen. Tema har vore profesjonsfelleskap, kunnskapssynet i læreplanen og arbeid med dei ulike fagplanane. Utdanningsdirektoratet har laga kompetanse-pakkar, og desse blir brukte i arbeidet. Læringsynet i læreplanen gjer at læring må forgå på ein annan måte.

Eit samfunn i endring må ha ein skule som evnar å fornye seg fordi elevane skal skape framtida. Elevane skal vera aktive i læringsarbeid, dei skal lære og arbeide meir tverrfagleg og dei skal gå djupare ned i dei tema dei arbeider med.

Elevane skal vera aktive i læringsarbeid, dei skal lære og arbeide meir tverrfagleg.






Foto: Green Camtleon / Unsplash

### *DEKOMP (Desentralisert kompetanseheving)*

Staten har organisert det skulebaserte utviklingsarbeidet i DEKOMP. Satsinga er delvis koordinert og administrert gjennom Statsforvaltaren, og er vidare organisert i regionale samarbeid i fylket. Kvar region er knytt opp til eit høgskulemiljø som skal levere det faglege innhaldet i utviklingsarbeidet. Nord-Gudbrandsdal er knytt til Høgskulen i Innlandet (HINN).

Regionen har etablert leiarnettverk, der rektorane og ressurspersonar frå kvar skule møtast for erfaringsdeling og fagleg rettleiing frå HINN. Mellom samlingane arbeider skulane med oppgåver til neste samling. Desse samlingane har vore gjennomført digitalt i 2020.

DEKOMP har vore inne i ei omorganisering i 2020 som enno ikkje er fullført. Bakgrunnen er samanslåing til Innlandet fylke og endringar i dei nasjonale retningslinene. Det er enno ikkje heil klart kva praktiske konsekvensar dette vil få i løpet av 2021.

### *REKOMP (Regional kompetanseheving)*

Staten har organisert det barnehagebaserte utviklingsprogrammet i REKOMP. På same måte som i DEKOMP er dette organisert igjennom Statsforvaltaren. Men her har Stasforvaltaren ei større rolle som koordinator for utviklingsarbeidet i barnehagane. Dette for betre å ivareta både kommunale og private barnehagar.

Likevel er det i Nord-Gudbrandsdal organisert eit felles regionalt leiarnettverk for barnehagane med HINN som fagleg leverandør. Samlingane har blitt gjennomført digitalt i 2020. I tillegg skal den enkelte barnehage følgje opp utviklingsarbeidet mellom samlingane med dei tema som er oppe i den regionale samlinga, og med egne tema dei ynskjer å utvikle i eigen barnehage.

Regionalt tema har vore systematisk observasjon som arbeidsverktøy, og lokalt har barnehagane i Skjåk arbeidd med språk og leik.

### Vidareutdanning av lærarar

Kompetanse for kvalitet er ei nasjonal satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. Den er utvikla i samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og Kunnskapsdepartementet.

Målgruppene for vidareutdanningsordninga er lærarar i heile grunnopplæringa, inkludert lærarar som underviser vaksne på grunnopplæringsnivå, lærarar på kulturskular og i vaksenopplæring.

Utdanninga gjev studiepoeng og formell undervisningskompetanse i fag.

Skjåk kommune har delteke med desse frå 2015:

	Tal på lærarar	Fag
2015	3	Rådgjeving, musikk og norsk
2016	1	Tysk
2017	1	Mat og helse
2018	6	Andre-språkpedagogikk, kunst og handverk, profesjonsfagleg digital kompetanse og kroppsøving
2019	3	Karriererettleiing, kunst og handverk og kroppsøving 2.
2020	4	Engelsk, norsk, friluftsliv og kroppsøving

I 2012 hadde vi to rektorar på rektorutdanning og i 2015 ein styrar på styrarutdanning. Utdanning innanfor ordninga blir delfinansiert gjennom at studieplassen er betalt av staten, kommunane får tilskot til vikarutgiftene, eller deltakarane kan velje å ta permisjon utan løn for så å få statleg stipend i studietida (normalt eit skuleår). Kommunen dekkjer reise og opphaldsutgifter for deltakarane. Prioritering frå kommunen si side blir gjort etter drøfting med tillitsvalde.

### Korps i skulen

Korps i skulen er eit samarbeid mellom skulane i Lom og Skjåk, Kulturskulen og korpset i Lom. Initiativet til dette kom frå skuleeigarsida.

Alle elevane i 4. og 5. klasse har skuleåret 2020-21 hatt opplegget «Korps i skulen». Vi valde dette for å få ein «kickstart», med håp om at fleire elevar ynskjer å gå inn i korpset etter dette året. Seinare år er dette opplegget lagt til 4. klasse. Elevane har kvart sitt instrument (kornett eller tenor/baryton). Vi fann att ein del gamle instrument både i Lom og Skjåk, vi kjøpte ein del brukte instrument frå Sauda kommune og vi har lånt instrument frå Vågå og Gausdal. Det har og vorte kjøpt nokre nye instrument, særleg grovmessing, for å få ei bra fordeling av instrument i klassene.

Opplegget dekkjer mykje av læringsmåla i musikk, men vi har og andre aktivitetar i timane. Det er viktig å variere aktivitetane, i og med at det ikkje er riktig alle elevar som tykkjer det å spela messinginstrument er så veldig artig. Men ein ser ofte at motivasjonen for å spela aukar etter kvart som dei meistrar instrumentet sitt meir og meir.

Organiseringa vi har fått til er ein suksessfaktor: Klassane er delt i 2, slik at kvar gruppe er på ca. 10 elevar. Med så få elevar får læraren til å vegleia kvar enkelt elev godt. Særleg organiseringa i 4. klasse fungerer svært godt: Musikk er delt med engelsk to timar i veka, elevane har da ca. 30 minutt med kvart fag to gonger i veka. Med

Korps i skulen er eit samarbeid mellom skulane i Lom og Skjåk, Kulturskulen og korpset i Lom.

Foto: Marit Kari Einbu



denne måten å organisera på, blir ikkje øktene for lange, elevane må spela på instrumentet minst to gonger i veka, noko som heilt klart aukar meistringa. Også engelskfaget profitterer på dette.

Elevane lærer å spela instrument samstundes som dei lærer notane. Vi har ferdiglaga komp

som vi spelar etter, og dette gjer gleder ved samspel stor – det let bra sjølv om elevane kanskje spelar berre ein tone.

Elevane får eit godt grunnlag i mange grunnleggande ting i musikkfaget, dette vil vera svært positivt for musikkfaget når dei kjem på mellomsteget og ungdomsteget.

Det er populært med aktivitetar på institusjon og i omsorgsbustadane. Her er påskeharen på besøk i institusjon.



**Kulturskolebasert Vurdering for Læring KuVfL**  
Lom og Skjåk kulturskule har delteke i Kulturskolebasert Vurdering for Læring KuVfL

KulturskoleVFL er eit skulebasert nettkurs i Vurdering For Læring. Kurset tek sikte på å vidareutvikle deltakarane si vurderingskompetanse samtidig som det skal styrke dei profesjonelle læringsfellesskapa og kulturskulen som lærande organisasjon.

Kurset er utvikla av Høgskolen i Innlandet (HINN) i samarbeid med Norsk Kulturskoleråd og ei arbeidsgruppe frå kulturskulesektoren.


Hovudmålsettinga er: «Lærere og ledere samarbeider i profesjonelle læringsfellesskap, og bruker rammeplan og vurdering for læring på en måte som er optimal for elevenes læring, utvikling og trivsel.»

**Nytt saks- og arkivsystem**

Hausten 2020 har Servicetorget hatt stort fokus på opplæring og innføring av nytt saks- og arkivsystem. *Elements* blir innført som nytt saks- og arkivsystem frå 2021.

Arkivpersonell, utvalssekretærar og saksbehandlarar må lære og venje seg til bruk av eit nytt verktøy.

Saks- og arkivsystemet *Ephorte* vart sjalta ut frå nyttår.



**Leve hele livet**  
- en kvalitetsreform for eldre

**Leve hele livet**

Regjeringa la i 2018 frem kvalitetsreforma i st.m. 15 *Leve hele livet*. Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å mestre livet. *Leve hele livet* handlar om dei grunnleggande tinga som oftast sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Reforma *Leve hele livet* skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene.

*Leve hele livet* kan samlast i nokre hovudtema som til saman vil bidra til å gi eldre og deira pårørande høve til å velje:

- Matglede og ernæring
- Aktivitet og fellesskap
- Pårørandeomsorg
- Heilskaplege helsetenester

**Matglede og ernæring**

I Skjåk har vi fokus på å utvikle tenestene våre i tråd med reforma. Vi har stort fokus på ernæring og matglede. Kjøkenet på Skjåkheimen produserer heimelaga mat av høg kvalitet med råvarar i all hovudsak frå lokale produsentar. Kommunen tilbyr bebuarane på institusjon eit ekstra måltid, og dei får no servert lunsj kvar dag. Middagsserveringa er flytta til kl. 15.30 kvar dag. Kjøkenet på Skjåkheimen fekk fyrstepris i

2015 i konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk» i Oppland. Kjøkenet arbeider stadig for å utvikle seg fagleg, og har tett samarbeid med tenestene for å sikre praktiske og fagleg gode tenester.

Vi har stort fokus på sørgje for gode aktivitetar i sjukeheimen. Skjåk kommune søkte om midlar og fekk tildelt 508.000 kroner til å sørgje for aktivitetar og motverke einsemd i samband med pandemien. Desse midlane blir mellom anna brukt til besøksverter som har dagaktivitetar på institusjon og i omsorgsbustadane. Vi har gjennom året hatt stort fokus på aktivitetar som t.d. bowling.

#### *Pårørandsomsorg*

Skjåk kommune er opptek av å ta vare på dei pårørande gjennom å vise omsorg for den som yter omsorg så dei ikkje slit seg ut. Det er eit tett samarbeid mellom pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenestene, og kommunen tilbyr avlastingstiltak som bidreg til å legge til rette for at fleire kan bu heime lenger i lag med sine nærmaste. Det kan vere individuelt kva som avlastar i ein heim. Nokre tiltak kommunen yter er:

- Dagtilbod
- Støttekontakt
- Heimesjukepleie i form av helsetenester og personleg assistanse i heimen
- Avlastingsopphald i sjukeheimen
- Omsorgstønad, i form av ei økonomisk stønad til omsorgsytar

Dagtilbodet har ikkje vore i funksjon i 2020 i særleg grad, og er eit tilbod vi arbeider for å auke. Det kan ha svært positiv effekt på heimebuande og deira pårørande. Heimesjukepleia yter helsetenester og personleg assistanse i heimen. Dette er ei teneste som blir langt meir viktig for dei heimebuande framover. Framtidas helseteneste er avhengig av at det blir utvikla gode helsetenester med lokale variasjonar. Dette skal Skjåk kommune arbeide aktivt med framover.

#### *Heilskaplege helsetenester*

Leve hele livet er ei reform for innbyggjarane våre, og den påverkar alle som jobbar i helse- og omsorgstenesta. Den skal inspirere til å finne nye arbeidstidsordningar og ta i bruk ny teknologi, nye metodar og løysingar. Den skal utfordre til å organisere seg slik at det blir større kontinuitet i tenestetilbodet, med mjukare overgangar og færre å halde seg til for dei som mottek tenester. Eit konkret tiltak i Skjåk har vore langvaktene på helg. Dette skal vidareutviklast i 2021 ut i frå eit tett samarbeid mellom sjukeheimen og heimesjukepleia. Vi ønskjer primært å skape eit nytt læringsfellesskap der tilsette på institusjon og i heimesjukepleia er tettare knytt saman, og kan utvikle meir saumlause tenester.

Helsetenester blir gjeve etter saksbehandling hjå saksbehandlar frå tildelingskontoret. Saksbehandlar har møte ein gong i veka med representantar frå sjukeheimen, heimesjukepleia, institusjonslege og fysioterapeut/ergoterapeut. Dette er eit godt verktøy for å sikre tenesteutmåling som er meir tilpassa og som i større grad møter behovet til den som søker om tenester. Dette er ei kvalitetssikring, der ein i fellesskap kan ha fokus på korleis ein kan yte best mogleg helseteneste til innbyggjaren i heimen sin.

Skjåk kommune har tilsette med høg fagkompetanse i pleie- og omsorgstenestene som bidreg til høg kvalitet på helsetilbodet for eldre og pleietrengande, men kommunen treng å rekruttere fleire med høgskuleutdanning dei nærmaste åra. Ved ein gjennomgang av antal høgskuleutdanna i helsesektoren er det avdekket eit stort behov for fleire høgskuleutdanna, og særleg sjukepleiarar. Skjåk kommune ønskjer å vere ein stad der pasientar med behov for svært krevjande og avansert behandling skal kunne få det i heimen.



Hønene på Skjåkheimen flyttar inn kvar sommar i sansehagen.

Diktet Syskenringen av Jan Magnus Bruheim, har inspirert kunstverket Syskenringen som heng på Bismotunet. Syskenringen er laga av Bakke Stålprodukter, av Øystein Bakke i Vågå.



## SYSKENRINGEN

Ei natt då eg låg og gdrøymde, drøymde eg om eit band. Eit band som gjekk over alle grenser, og alle land.

Ein drøymer så mangt. Men undren vart eg vel då eg fekk sjå at dette eg trudde var eit band tok til å livne – og gå.

Då såg eg tusentals hender hekta i hop til eit band som gjekk over alle grenser og gjekk gjennom alle land.

Det var både ung og gamal, det var småborn med far og mor. Dei laga så sterk ein syskenring som rakk kring den heile jord.

*Jan-Magnus Bruheim*

## Berekraftig bufellesskap og avlasting

Bismotunet bufellesskap stod ferdig ved årsskiftet, og innflytting vart gjennomført 3. februar. Det vart avhalde ein namnekonkurranse blant innbyggjarane, og Bismotunet bufellesskap vann avstemminga over kva bufellesskapet skulle heite.

Tenesta gjorde eit grundig arbeid i å lage rutinar, planlegge flytting, interiør og å førebu bebuarane på prosessen i å flytte frå eigne heimar og Prestgarden til Bismotunet. Det innebar endringar for både tenestemottakarar, pårørende, tilsette og leiarar, og stilte store krav til omstilling, spesielt i overgangsperioden, for alle partar.

Prosjektet *Berekraftig bufellesskap* i miljøarbeidartenesta har hatt fokus på tenesteinnovasjon- og design som grunnleggande tanke sett og arbeidsmetodikk. Prosessen har hatt brei involvering av brukarar, pårørende, tilsette, lokalmiljø, frivilljuge og verksemder for å utvikle berekraftige løysingar i eit 2020 – 2050 perspektiv.

Prosjektet tek utgangspunkt i NOU 2016: 17 På lik linje — «Åtte løft for å realisere grunnleggande rettigheter for personar med utviklingshemming» som er forankra i både planverk, politikarar og administrasjon i Skjåk kommune. I 2019 var det eit forprosjekt der dei tilsette prioriterte tre område som var vurdert som dei viktigaste å arbeide med i tenesta. Dei tre områda var:

1. Korleis kan vi oppnå eit godt arbeidsmiljø med stabilitet for brukarar og tilsette?
2. Korleis kan vi skape tilrettelagte arbeidsplassar for våre brukarar?
3. Korleis kan vi tilby meir velferdsteknologi som til dømes «Tessa»?

Bebuar ved bufellesskapet Bismotunet Rune Kjekken og tilsett Ella Bøe Mølmen.



Begge foto: Gudrun Teigen

Tenesta samarbeidde med konsulentar frå KS i Workshops, som fasiliterte utarbeidinga av måla, og kva vi skulle arbeide med. Diverre vart arbeidet i lag med KS stoppa som følge av pandemien i mars, men arbeidet med dei tre områda fortsette i den grad det var mogleg.

**Område 1** syntte til at eit godt arbeidsmiljø er viktig for å sikre stabilitet for både brukarar og tilsette. Tenesta identifiserte at det er særleg viktig med gode og kjente rutinar, og at dei tilsette har eigarskap til arbeidsplassen. Det var viktig å lage eit grunnlag før innflytting for å ha ei sikker innflytting med trygge rammer, men det var og viktig å sikre at det var rom for å lage endringar etter kvart som den praktiske kvardagen materialiserte seg. Det handlar om å organisere menneske, prosessar og system på ein måte som sikrar effektivitet, oversikt, tilgjengelege og gode brukaroplevingar.

**Område 2** syntte til at det er viktig å ha tilrettelegte arbeidsplassar for brukarane våre. Dette arbeidet var i gang, og mellom anna var det sett i gang kantinedrift på Skjåk barne- og ungdomsskule i samarbeid mellom skulen og tenesta. Dette vart eit stort sagn når samfunnet vårt måtte stenge ned. I etterkant har det vore utarbeidd individuelt tilpassa arbeidsoppgåver som t.d. praktiske oppgåver som plenklipping, postombering internt i kommunen, m.m.

**Område 3** syntte til at vi kunne utnytte velferdsteknologi i større grad. I bufellesskapet nyttar vi nå mellom anna ein teknologi kalla Roomate. Den gjer at dei tilsette kan ha digitalt tilsyn om nettene, utan å vekke eller forstyrre den som søv. Dette gjev betre kvalitet på nattesøvnen, og er ein trygghet for dei tilsette. Tenesta er oppteken av å utnytte potensialet i velferdsteknologi og i korleis det gjer tenestemottakarane meir sjølvstendige og meistarar meir av eige liv.

Prosjektet hadde to samlingar i 2020 med KS, men den siste føregjekk digitalt. Tenesta hadde ei gjennomgang av prosjektet, og ei oppdatering i forhold til korleis vi kunne ta prosjektet vidare. Det er stort fokus på at desse tre områda er viktige, og dette arbeidet skal fortsetje vidare. Vi ser resultatane frå arbeidet ved ein felles turnus/ arbeidstidsplan, brukarar som trivast og nye samarbeidsformer i tenesta som t.d. felles møter. Vi ønskjer å ha ein brukarundersøking våren 2021 der brukarar, pårørnde og tilsette blir intervjuet på nytt for å sjå korleis dette har endra tenesta.

Statsforvaltaren har gjeve tilskott til gjennomføring av forprosjektet, som har som mål å skape nye eller forbetra berekraftige løysingar basert på bebuarane sine behov. Fokusområde er auka trivsel for bebuarane gjennom eit godt, aktivt og meningsfullt liv, tilsette med god fagkompetanse som del av «fellesskapsfamilien», god kommunikasjon med pårørnde, god integrering i lokalmiljøet, samarbeid med verksemder om tilrettelagte arbeidsplassar. Vidare skal tenestene vere godt fagleg forankra og utførast innfor lovverket. Det skal totalt sett vere ein god og optimal ressursbruk over tid. Det blir arbeidd med å lage ei oversikt over ressursbruken over fleire år slik at vi kan samanlikne korleis vi utviklar oss.



Foto: Gudrun Teigen

### Vegen framover

I 2021 vil tenesta ha fokus på å vidareføre arbeidet i Bismotunet bufellesskap ved å sikre at rutinar utviklast og at det er system for å arbeide med eit godt arbeids- og fagmiljø. Tenesta set i gang att arbeidet med dei tre områda som er peika ut som dei viktigaste, der dei vart stoppa i mars 2020. Tenesta vil fortsette arbeidet med å lage dagaktivitetar for bebuarane, og ser at det er området det må arbeidast målretta med. Bebuarar og tilsette i bufellesskapet skal starte opp att drifta i kantina på ungdomsskulen. Kjøkenet på Skjåkheimen produserer varm mat to dagar i veka og brødmat to dagar. Kommu-

nedirektøren har tru på dette tiltaket, og meiner det er mogleg å ha dette som ein del av ordinær drift. Kantinedrifta byrja i februar 2020, men er ikkje i drift i dag. Det skal driftast etter sjølvkostprinsippet. Aktiviteten er eit dagaktivitetstilbod og ein arbeidsplass, med meningsfylt arbeid for tenestemottakarar. Kvalitet på fagarbeid og utvikling av tenestene står høgt i fokus. Tenesta skal i fellesskap utvikle vidare korleis prosjektet skal utvikle seg. Dette arbeidet er det stort fokus på vidare i 2021.

Motiview sykkel-turar er ein måte for bebuarane å koma på tur i nærområdet og heile landet. Her sykklar Gunnar Partapuoli.



Foto: Ingvild Mørk

### Nye arbeidstidsordningar

Sjukeheimen, heimesjukepleia og bufellesskapet har hatt dispensasjon frå arbeidstakarorganisasjonane for å prøve ut langvakter på helg sidan 2019. Evalueringa blant dei tilsette viser at dei fleste som har gått i langvakter på helg, ønskjer å halde fram med det og fleire ønskjer å gå langvakter enn dei som gjer det i dag. Sjukefråværet på helg har blitt redusert betydeleg som følgje av langvakter, spesielt på institusjon. Vår erfaring er at folk trivast med langvaktene og at dei tilsette kjenner på ansvaret ved å vere borte ei langvakt.

Tenestene har erfart at dei tilsette i større grad kan følgje døgnrytma til bebuarane framfor at aktivitetane må leggast til tider som passer i forhold til vaktskifte. Personalet får planlagt arbeidsdagen betre og det blir meir ro over arbeidsoppgåvene, det påverkar pasientane positivt.

Omstillingsprosessen i helse og omsorg byrja i budsjettarbeidet hausten 2020. Det er gjort ei kartlegging av kva behov vi har for institusjonsplassar som blir lagt til grunn for arbeidet med arbeidstidsordningar i 2021. Dei gode erfaringane med langvakter ønskjer vi å vidareføre.

### Digitalisering og bruk av velferdsteknologi

For å møte framtida sine demografiske utfordringar, er det heilt naudsynt at også Skjåk kommune har fokus på digitalisering og velferdsteknologi. Det er stort fokus på at dei tiltak som implementerast i tenesta skal ha nytteverdi og effekt, og at vi bygger ut porteføljen vår med teknologi gradvis. Ved å bygge kompetanse gradvis klarer vi å ta det via vanleg drift, og vi har ein meir kvalitetssikra prosess. Det er viktig at denne utviklinga er samkøyrta med resten av regionen slik at vi kan få utnytta potensialet som ligg i dei regionale samarbeidsfora som allereie er etablerte, ikkje minst med tanke på Regiondata. Det er viktig at det årleg blir sett av tilstrekkeleg med ressursar til å investere i velferdsteknologiske løysingar.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram visar til mange gevinstar for tenestemottakarar og tenesteleverandørar, og dei viktigaste gevinstane dei peikar på er utsett behov og redusert tal på besøk frå heimetenester, utsett behov for institusjonsplass, auka tryggleik, fridom, meistring og sjølvstende for brukarar og pårørande, redusert belastning for tenesta og mindre bruk av tvang.

Det regionale velferdsteknologiprojekt; Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdalen (N-G), med deltaking frå alle dei seks kommunane i regionen har som målsetting at innbyggjarane i N-G skal motta etablerte velferdsteknologiteknologier, der tiltaket er vurdert til å bidra til auka meistring og tryggleik. Dette skal vere uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad. Det er sett ned kommunale arbeidsgrupper i alle kommunane og eit regionalt prosjektteam med leiarane frå dei kommunale arbeidsgruppene.

Alle tryggingsalarmer i Skjåk er no digitaliserte og med direkte varsling til legevaktvarslings på Otta. Skjåk er i ei særstilling med omsyn til omfanget av brannvarslarar knytt til tryggleiksalarmane i følgje brannsjefen. Dette er med på å skape ein auka tryggleik i heimen. Vi har og høve til å sette ut vanntåkeanlegg i heimar der det er vurdert som særskilt viktig å forseinke eit branntilhøve.

Det er viktig for Skjåk kommune å satse på velferdsteknologi som eit ledd i å gjeva meir smidige tenester, og gjera våre tenestemottakarar meir sjølvstendige. Døme på dette er medisindispensarane som gjer at helsepersonellet ikkje treng å vere hjå den heimebuande på eit konkret tidspunkt. Det gjer tenesta meir fleksibel. I tillegg gjer det at heimebuande ikkje treng å få mange korte besøk, men kan få færre og lengre besøk, med meir kvalitet. Hovudfokuset ved innføring av velferdsteknologi er alltid at det skal gjeva ai auka kvalitet for den som mottek tenesta. Døme på auka kvalitet er sjølvkjensle, meistring og tryggleik. Skjåk kommune har anna type velferdsteknologi som t.d. Roomate i miljøarbeidartenesta. Bebuar er synleg som ein skygge på ein skjerm, og nattevakt kan ta planlagde digitale tilsyn utan å måtte forstyrre vedkommande med fysiske tilsyn i løpet av natta. Det bidreg til betre nattesøvn og mindre uro for tenestemottakar.



Foto: Ingvild Mørk

Heimesjukepleia nyttar medisindispensarar med multidose-medisinrullar i.

### Helsestasjonen

I tråd med dei nasjonale retningslinjer for helsestasjon, - og skulehelsetenesta, samt målkriteria som ligg i tilsegn for statleg tilskot, har helsestasjonstenesta gjennomført ein tiltaksplan i 2020.

- Tilbod om skulehelseteneste kvar dag**  
 Resultatet visar at dette tilbodet er eit god førebyggjande tiltak som både elevar, føresette og tilsette i skulen nyttar seg av og tek kontakt for råd og rettleiing og oppfølging. Skulehelsetenesta jobbar både på individ, - gruppe og klassenivå, og samarbeidet med skulen er godt. I 2020 har vi utvida samarbeidet med skulen slik at ein lærar arbeider delvis i skulehelsetenesta. Dette aukar kompetansen på tvers av tenestene, og sikrar ivaretaking av borna.
- Samarbeid med barnehagen**  
 Helsesjukepleiar gjennomfører språkstesten for 4-åringane i barnehagen i samråd med føresette og tilsette i barnehagane. Tidlegare har språkstesten vore gjennomført som ein del av den ordinære 4-årskontrollen på helsestasjon. Samarbeidet med barnehagane i Skjåk er godt.
- Foreldrerettleiing**  
 Gjennomført foreldrerettleiingsprogrammet Circle of Security (COS) både individuelt og i grupper. I tillegg har alle tilsette i barnehagen og skule fått tilpassa undervisning i bruk av COS. PMTO/TIBIR helsestasjon tilbyr foreldrerettleiing for foreldre som har barn med uønskt åtferd og til foreldre som har behov for eit meir konkret verktøy ein COS.
- Instagram/ digital helsestasjon**  
 Helseledningsdirektoratet tilrår at helsestasjonane er meir aktive i digitale tenester. Helsestasjonen har fått middel til å opprette instagram-kontoar med god hjelp av eit reklamebyrå og har difor oppretta to kontoar; ein for vaksne og ein for ungdom. Det er mest aktivitet på ungdomskontoen, og her har det vore opptil 5000 visningar i løpet av ei veke.

Det ble oppretta digital helsestasjon under byrjinga av pandemien. Dette har vore svært vellukka. Det er ei viktig satsing vidare å sikre at helsestasjonstenesta er tilstades på dei forum vi kan møte ungdommane. Sosiale media og interaksjon er eit minimum for å koma i posisjon til å bistå og rettleie dei i kvardagen deira.



Foto: Eil Skjåk Teigum

Pluto er Røde kors – hund og er ein populær firbeint medhjelpar på helsestasjonen.

### Kompetanseheving innan helse- og omsorgssektoren

Kommunen blir pålagt stadig fleire og meir krevjande oppgåver innan helse- og omsorgssektoren, noko som krev høg fagkompetanse blant dei tilsette. Skjåk kommune ser eit behov for å rekruttere fleire med høgskuleutdanning dei nærmaste åra. Det er gjennomført kompetansekartlegging i heile sektoren for å få oversikt over kva for kompetanse sektoren har og kva behovet er i åra framover med tanke på den faglege utviklinga i sektoren. Gjennomsnittsalderen er relativt høg i sektoren, og det er difor viktig å ha fokus på kva kompetanse vi treng i framtida.

Det er i fleire omgangar søkt og fått kompetansemidlar frå Statsforvaltaren på grunnlag av kompetanseplanen. Skjåk kommune legg til rette for at tilsette kan gjennomføre etter- og vidareutdanning, både gjennom økonomiske tilskott og tilrettelegging av arbeidsoppgåver slik at det let seg kombinere med vidareutdanning. Mange av våre tilsette har nytta dette tilbodet, og kommunen har difor tilsette med høg kompetanse i sentrale fagområde innan helse og omsorg.

# 04

## Årsrekneskap

I 2020 utgjorde driftsinntektene 254,5 millionar kroner mot budsjettert 247,3 millionar kroner, og inntektene var dermed 7,2 millionar høgare enn budsjettert. Det er litt meirinntekter på alle område utanom brukarbetaling, og mest på overføringar og tilskot frå andre. Det er naturleg at brukarbetalingar ligg noko under budsjett, blant anna på grunn av pandemi og færre born i barnehagane. Meirinntektene på tilskot har og ei utgiftsside eller er avsett for å dekke utgifter neste år. Meirinntektene på refusjonar og tilskot fordeler seg på fleire tenester.

Driftsutgiftene blei 246,4 millionar mot budsjettert 250,9 millionar kroner, det vil seie 4,5 millionar kroner under det som samla var budsjettert. Hovudårsaka er låg reguleringspremie på pensjon på grunn av lågt lønsoppgjør og pandemi. Det er og mindreforbruk løn på fleire område, blant anna alle barnehagane. Kommunen har fått nye kostnader på kjøp av tenester knytt til ressurskrevjande og meirutgifter på kjøp av legeteneste. Heimetenestene har hatt kostnadsauke over fleire år.

Finansresultatet blei 3,7 millionar kroner betre enn budsjettert, noko som skuldast lågare rente, utbytte frå Skjåk Energi og at vi har teke inn lån seinare enn budsjettert.

Over tid er det endringar i tenestene og det er viktig med kontinuerleg budsjettoppføl-

ging for å unngå for store avvik i høve til budsjett.

### Resultatvurdering

Overskotet blei knapt 11,9 millionar kroner og korrigert netto driftsresultat blei over 15,4 millionar kroner, som utgjør 6,1 % i høve til omsetnaden. Inntektene har auka på fleire postar.


Skjåk kommune har eit svært godt resultat i 2020, til tross for svake inntekter på konsesjonskraft og vesentleg høgare kostnader til ressurskrevjande. Både rammetilskot, skatteinngang i Skjåk, eigedomsskatt og tilskot og overføringar bidrar til meirinntekter.

Låge pensjonskostnader og dermed redusert arbeidsgjevaravgift er den aller viktigaste årsaka til det gode resultatet i 2020. Reguleringspremie og kvartalspremie blei i underkant av 6,5 millionar kroner lågare enn budsjettert. Arbeidsgjevaravgifta blei og over 1,7 millionar kroner lågare enn budsjettert, mest på grunn av redusert sats i 1 termin knytt til pandemi, men også på grunn av dei låge løns- og pensjonskostnadane. Premieavviket aukar isolert sett pensjonskostnadene med 1,9 millionar kroner, men denne posten er teknisk og blir regulert mot fond. Tilbakeføringa frå KLP blei 2,4 millionar kroner som er knapt 0,5 millionar lågare enn budsjettert.

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Budsjett	Opphavleg
Økonomisk oversikt - drift	2020	2020	budsjett
Sum driftsinntekter	254 483 692	247 304 000	240 167 000
Sum driftsutgifter	246 443 139	250 913 000	231 968 000
Brutto driftsresultat	8 040 553	-3 609 000	8 199 000
Netto finansutgifter	-8 897 073	-12 631 000	-12 759 000
Motpost avskrivningar	14 354 253	14 675 000	14 675 000
Netto driftsresultat	13 497 733	-1 565 000	10 115 000
Premieavvik	1 911 143	-3 397 000	-3 397 000
Netto driftsresultat korrigert for premieavvik	15 408 876	-4 962 000	6 718 000
Netto dr.res korr for premieavvik i % av omsetnad	6,1 %	-2,0 %	2,8 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-13 497 733	1 565 000	-10 115 000

Det er nye hovudoversikter frå og med 2020, derfor er ikkje året før med som samanlikningskollonne. Overskot er avsett direkte på disposisjonsfond etter nye reglar; 11.880.242,46 kroner.

### Utvikling netto driftsresultat korrigert for premieavvik



Oversikta syner utvikling dei 10 siste åra i millionar kroner når det gjeld netto driftsresultat korrigert for premieavvik.


## Netto driftsutgifter per ansvarsområde

	Rekneskap 2020	Busjett 2020	Avvik	Rekneskap 2019
100 Kommunedirektør	7 583 874	8 259 000	-675 126	7 730 344
101 Kultur	0	0	0	1 456 232
102 Plan, miljø og berdedskap	0	0	0	4 907 069
103 Personal og organisasjonsutvikling	1 990 056	2 444 000	-453 944	2 042 640
104 Økonomi	3 089 532	3 951 000	-861 468	3 302 213
150 Støttefunksjonar	0	0	0	10 304 157
200 Oppvekst og utdanning	13 992 498	15 081 000	-1 088 502	5 349 217
201 Flyktningar	2 162 649	2 226 000	-63 351	4 760 297
211 Dønfoss barnehage	4 120 289	4 246 000	-125 711	4 732 403
212 Holemork barnehage	3 278 849	3 946 000	-667 151	3 797 920
213 Bismo barnehage	4 941 109	5 423 000	-481 891	5 280 569
220 Skjåk barne og ungdomskule	21 775 895	21 869 000	-93 105	24 090 058
240 Kulturskule	1 703 482	1 787 000	-83 518	1 576 149
300 Helse og omsorg	3 376 948	2 863 000	513 948	2 208 037
310 Pleie og omsorg institusjon	20 379 986	22 385 000	-2 005 014	23 126 573
320 Pleie og omsorg heimetenester	26 142 016	25 713 000	429 016	29 032 462
330 Helsetasjon	2 491 722	2 402 000	89 722	2 596 945
331 Nav	2 125 960	2 229 000	-103 040	2 578 480
332 Barnevern	2 406 986	2 679 000	-272 014	2 194 514
350 Helsetenester	10 965 002	8 561 000	2 404 002	7 022 045
400 Miljø og samfunnsutvikling	5 700 671	7 249 000	-1 548 329	0
410 Kultur	1 385 891	1 437 000	-51 109	0
420 Teknisk var	4 441 100	5 066 000	-624 900	4 066 628
430 Teknisk drift	23 149 883	24 682 000	-1 532 117	23 027 027
450 Landbruk og næring	166 775	186 000	-19 225	152 576
600 Finans og overføringar	-167 371 173	-174 684 000	7 312 827	-175 334 554
<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Overskot 11.880.242,46 kroner er avsett direkte på disposisjonsfond via ansvar 600

Kommunalsjefar og kommunedirektør har kommentert avvik under eigne kapittel.  
Låge pensjonskostnader og redusert arbeidsgjevaravgift betrar resultatet på alle område.

## Kraftinntekter



## Kraftinntekter

Kraftinntektene er spesifisert i note 31 i rekneskapen. Denne oversikta syner inntekter i millionar kroner totalt på kraft. Inntektene har variert mellom 40 og 50 millionar kroner dei siste 10 åra og er på høgaste nivå i 2019 på grunn av høge konsesjonskraftinntekter.

I 2020 var det budsjettert med 4,8 millionar i konsesjonskraftinntekter. Inntektene blei vel 2,9 millionar kroner i 2020 mot knapt 12 millionar kroner i 2019.

Inntektene består av konsesjonskraft, naturressursskatt, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og renter, avdrag og utbytte frå Skjåk Energi. Skjåk kommune betaler lån og renter på eigardel i Øvre Otta. Det er ikkje med i denne oversikta. Vi får og reduserte rammeoverføringar knytt til naturressursskatt.

Finansresultatet med lågare rentesats og ekstra utbytte er og ein god bidragsytar til det gode resultatet.


Dei aller største avvika på enkeltpostar på hovudoversikter er og kort kommentert i note 27 i rekneskapen. Avvik på ansvarsområde går fram av tabell under. Kvar enkelt kommunalsjef har omtala avvik i høve til netto resultat på kvart ansvarsområde.

Kommunen vil truleg få tilført ein større premiereserve i andre kvartal 2021 på grunn av pensjonsreforma. Dette er førebels estimert til 14,726 millionar kroner. Det kjem eiga sak på korleis vi handterer attendeføringa når vi får oppdatert informasjon frå KLP. Det må også avklarast om det i tilfelle kjem føringar frå myndighetene knytt til handtering av tilbakeføringa.

## Skatteinngang

Oversikta syner skatteinngang dei siste 10 åra.

### Skatt på inntekt og formue




Skjåk kommune har hatt god skatteinngang til tross for pandemien


## Rammeoverføringar

Oversikta syner rammeoverføringar dei siste 10 åra.

### Rammeoverføringar



## Fordeling løn



## Lønsutgifter

Lønsutgiftene, ekskludert sosiale, blei 130,8 millionar kroner, som er 2,2 millionar kroner under budsjett. Det er mindre forbruk på fleire område, mest på barnehagane. Skulen har og lågare lønsutgifter enn budsjettet, men har og mindre inntekts-side. Det er eit meirforbruk på 1,5 millionar kroner på heimetenester som er knytt til avlastningstenesta.

Lønskostnadene fordeler seg slik i 2020 ekskludert kurs og kostgodtgjersle;

## Finanspostar

### Utvikling gjeld


Oversikta syner utvikling i gjeld til finansinstitusjonar, ekskludert pensjonsforpliktingar i millionar kroner.

I 2020 er avdrag høgare enn innlån og lånegjeld er dermed redusert. Utvikling i gjeldgrad er omtala i eige punkt.

### Finansforvaltning

Kommunen si finansforvaltning er i samsvar med reglement, forskrifter og lover. Kommunen sine likvide midlar er plassert i bank med låg risiko. Tilgang av aksjar og andelar har vore handsama særskilt i kommunestyret. Alle innlån blir vedteke av kommunestyret. Renta på alle lån er flytande, som inneber renterisiko ved stigande rente. Ei eventuell binding av renta vil medføre at ein må betale sikringskostnad for dette.

## Utvikling gjeld



## Brutto og netto lånegjeld

	2016	2017	2018	2019	2020
Brutto driftsinntekter	226 580 222	232 711 228	236 971 683	257 887 157	254 483 692
<b>Brutto lånegjeld, ekskl. pensjonsforplktingar</b>	<b>194 592 696</b>	<b>242 885 606</b>	<b>266 078 871</b>	<b>260 560 348</b>	<b>252 604 508</b>
Utlån startlån, sosiale lån m.m.	16 912 131	16 397 548	14 956 024	13 976 619	12 687 123
Utlån til Skjåk energi	98 224 805	98 224 805	98 224 805	93 000 000	91 000 000
Ubrukte lånemidler	20 341 717	15 854 918	19 795 938	9 447 457	6 433 771
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>59 114 042</b>	<b>112 408 335</b>	<b>133 102 104</b>	<b>144 136 273</b>	<b>142 483 614</b>
Antall innbyggjarar	2 202	2 179	2 204	2 217	2 183
Brutto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	85,9 %	104,4 %	112,3 %	101,0 %	99,3 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	26,1 %	48,3 %	56,2 %	55,9 %	56,0 %
Brutto lånegjeld per innbyggjar	88 371	111 467	120 725	117 528	115 714
Netto lånegjeld per innbyggjar	26 846	51 587	60 391	65 014	65 270

## Handlingsreglar

*Netto driftsresultat korrigert for premieavvik*  
 Budsjettmålet for 2020 var etter kommunestyrevedtak 0,5 %. Det langsiktige målet er 3 %. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik vart svært godt, særleg på grunn av lågare pensjonskostnadar, men og på grunn av godt finansresultat, litt meirinntekter på fleire område og mindreutgifter på fleire ansvar.


Tal frå KOSTRA for 2020 er ikkje klare. Oversikt nedanfor syner netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter, som ikkje er korrigert for premieavvik i perioden 2016 – 2019.

Skjåk kommune hadde ei god resultatutvikling i 2019 i høve til landet utanom Oslo, kostragruppe 3 og Oppland fylke. Skjåk kommune har og eit høgt netto driftsresultat i 2020, men dette er likevel litt lågare enn korrigert netto driftsresultat for premieavviket, da pensjon premieavvik var negativt med 1,9 millionar kroner.


## Gjeld i prosent av driftsinntekter

Gjeldgraden har gått ned, fordi innlån har vore lågare enn avdrag. Omsetnaden er litt lågare i 2020 på grunn av svake inntekter frå konsesjonskraft, og redusert omsetnad aukar isolert sett gjeldgraden med 1,3%.

## Netto dr. res. korr for premieavvik i høve omsetnad - mål 0% (3%)



**Netto driftsresultat**




Kjelde: ssb/kostra/nøkkeltal


**Likviditetsreserve**

Skjåk kommune har ei høg likviditetsreserve. Målet er 8,33 % av utgiftene, som no utgjør 20,455 millionar kroner. Likviditetsreserven er 19,539 millionar kroner. Differansen mellom faktisk likviditetsreserve og mål er 0,916 millionar kroner. Vi har over tid kome nærare fastsett mål.

**Ekst. gjeld eksl. pen. forpl. i høve omsetnad - mål 110,5% (100%)**



**Likviditetsreserve i høve omsetnad - mål 8,33%**



**Balansepostar**

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Budsjett	Bevegelse
Oversikt – balanse	2020	2020	
<b>EIENDELER</b>			
A. Anleggsmidler	876 524 301	850 846 347	25 677 954
B. Omløpsmidlar	134 663 488	131 103 361	3 560 127
Sum eiendeler	1 011 187 789	981 949 707	29 238 082
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
C. Eigenkapital	379 480 782	320 862 570	58 618 212
D. Langsiktig gjeld	599 171 457	624 981 602	-25 810 145
E. Kortsiktig gjeld	32 535 550	36 105 535	-3 569 985
Sum egenkapital og gjeld	1 011 187 789	981 949 707	29 238 082

Eigenkapitalen har auka og gjelda er redusert. Pensjonsforpliktingar er inkludert i langsiktig gjeld.

**Fond**

	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
<b>Sum fond totalt og likviditetsreserve totalt</b>	95 694 167	74 398 783	65 613 041	66 195 646	63 316 925
herav fondsmidler totalt	76 155 166	56 259 783	48 174 041	49 256 645	47 177 925
herav udisponert	28 328 906	13 817 157	11 993 214	11 083 018	8 919 382
herav disponert	47 826 261	42 442 626	36 180 827	38 173 628	38 258 543
herav likviditetreserve	19 539 000	18 139 000	17 439 000	16 939 000	16 139 000
<b>Disposisjonsfond</b>	35 948 289	18 570 779	19 483 330	20 672 536	17 884 827
herav udisponert	13 256 900	337 529	774 391	783 798	189 017
herav disponert	12 752 389	8 294 250	8 769 939	9 949 738	8 556 809
herav likviditetreserve	9 939 000	9 939 000	9 939 000	9 939 000	9 139 000
<b>Bunde driftsfond inkl. næringsfond</b>	38 568 015	39 844 470	31 724 384	32 917 253	34 491 527
herav udisponert næringsfond	8 151 953	8 151 953	7 443 945	7 361 586	7 288 194
herav disp. nærings- og bunde driftsfond	27 485 890	28 762 345	21 350 267	22 625 495	24 273 161
herav likviditetres prinsippending motpost	2 930 172	2 930 172	2 930 172	2 930 172	2 930 172
<b>Ubunde investeringsfond</b>	21 833 278	17 676 814	15 816 408	13 827 487	12 081 988
herav udisponert	6 920 053	5 327 676	3 774 878	2 937 634	1 442 171
herav disponert	6 526 375	5 362 288	5 754 680	5 103 003	4 852 967
herav likviditetreserve	8 386 850	6 986 850	6 286 850	5 786 850	5 786 850
<b>Bunde investeringsfond</b>	1 061 607	23 743	305 942	495 391	575 605
herav udisponert					
herav disponert	1 061 607	23 743	305 942	495 391	575 605
<b>Prinsippendingar</b>	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022
herav likviditetsreserve prinsippendingar	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022

Fondsmidlane har auka, hovudsakleg på grunn av avsetting av overskot på knapt 11,9 millionar kroner og etablering av kraftfond på 4,8 millionar kroner. Det er og midlar på ubunde investeringsfond til å dekke mindre investeringar framover. Grunnfond næringsfond er redusert frå litt over 6,6 millionar kroner til knapt 4,1 millionar kroner.

**Kortsiktig egenkapital er sett saman slik;**

Kortsiktig egenkapital - arbeidskapital	2016	2017	2018	2019	2020
Omløpsmidler	125 361 537	125 421 303	122 465 033	131 103 361	134 663 488
Kortsiktig gjeld	-36 116 558	-41 011 097	-33 936 481	-36 105 535	-32 535 550
Ubrukte lånemidler	-20 341 717	-15 854 918	-19 795 938	-9 447 457	-6 433 771
<b>Arbeidskapital aktiva</b>	<b>68 903 262</b>	<b>68 555 288</b>	<b>68 732 613</b>	<b>85 550 369</b>	<b>95 694 167</b>
Likviditetsreserve	-16 139 000	-16 939 000	-17 439 000	-18 139 000	-19 539 000
Fondsmidler	-47 177 925	-49 256 645	-48 174 041	-56 283 914	-76 155 167
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-5 586 336	-2 359 642	-3 119 572	-11 127 454	
<b>Disponible midlar passiva</b>	<b>-68 903 261</b>	<b>-68 555 288</b>	<b>-68 732 613</b>	<b>-85 550 369</b>	<b>-95 694 167</b>

Overskot er avsett direkte på disposisjonsfond frå og med 2020.

**Langsiktig egenkapital er sett saman slik:**

Langsiktig egenkapital - kapitalkonto	2016	2017	2018	2019	2020
Anleggsmidler	673 670 611	761 118 240	818 859 608	850 846 347	876 524 301
Gjeld	-521 279 000	-576 985 499	-616 269 753	-624 981 602	-599 171 457
Ubrukte lånemidler	20 341 717	15 854 918	19 795 938	9 447 457	6 433 771
<b>Eigenkapital - Kapitalkonto passiva</b>	<b>-172 733 329</b>	<b>-199 987 659</b>	<b>-222 385 794</b>	<b>-235 312 201</b>	<b>-283 786 615</b>

Pensjonsmidlar er inkludert i anleggsmidler og pensjonsforpliktingar er inkludert i gjeld.

**Investeringar****Oversikt syner bokførte kostnader per prosjekt i 2020.**

INVESTERINGSUTGIFTER PER PROSJEKT	Rekneskapen 2020	Budsjett 2020
110 Ikt utstyr skulen	407 264	500 000
115 Regiondata	735 742	1 025 000
200 Hff bustader 7 stk	2 226 984	2 267 000
204 Carporter omsorgsbustader brannstasjon	19 000	0
213 Aurmo industriområde asfaltering	250 000	200 000
228 Utskifting av gatelysarmatur	906 081	832 000
234 Industriområde infrastruktur	48 563	1 200 000
287 Idrettsbana flombelysning	0	1 000 000
292 Øyberget høgdebasseng og ny kjelde	5 400	0
293 Uppnose nytt vassverk inkludert prosjektering	3 069 291	5 000 000
298 Bilpark	1 280 327	1 217 000
406 Sal av bustader	20 000	20 000
410 Skei tomteområde	4 796 547	4 021 000
411 Sentrumsplan bismo	309 269	1 090 000
430 Dønfoss barnehage - ombygging	492 488	500 000
440 Sikring av elvar	0	2 000 000
450 Bustader 3 stk (sal inntil 7 stk )	35 056	6 375 000
461 Grotli hytteområde	-3 569	0
515 Grovoppvaskmaskin skjåkheimen	190 000	160 000
601 Lån og avdrag	2 520 212	2 540 000
615 Eigenkapitalinnskot klp	668 565	795 000
616 Skjåk Energi AS aksjar	10 020 000	10 020 000
<b>T o t a l t</b>	<b>27 997 218</b>	<b>40 762 000</b>

Finansiering og samla oppstilling er framstilt detaljert i rekneskapen per prosjekt.

Flombelysning er ikkje gjennomført, fordi kostnadane var langt høgare enn budsjettet. Det vart ikkje seld gamle bustader for å finansiere nye bustadar. Infrastruktur var vedteke seint på året og blir gjennomført

i 2021. Sikring av elvar er eit prosjekt med usikre kostnader. Sentrumsplan er budsjettet på nytt i 2021. Nytt vassverk Uppnose pågår.

## Pandemi

Skjåk kommune har hatt få smittetilfelle på grunn av pandemien i 2020. Fleire kommunar i Norddalen, inkludert Skjåk er mindre ramma enn mange andre kommunar i landet, både med omsyn til smitte, kostnader og arbeidsløyse.

Oppsummering av kjende økonomiske konsekvensar;

- Det er bokført 2.483.465 kroner i løn og utgifter ved utgangen av 2020.
- Kostnadene fordeler seg slik;

### Oversikt syner bokførte kostnader per ansvar i 2020.

Ansvar	Rekneskap 2020
100 Kommunedirektør	14 005
104 Økonomi	78
200 Oppvekst og utdanning	78 302
201 Flyktingar	646
211 Dønfoss barnehage	8 848
212 Holmork barnehage	73 724
213 Bismo barnehage	56 794
220 Skjåk barne og ungdomskule	98 924
240 Kulturskule	160 606
310 Pleie og omsorg institusjon	531 341
320 Pleie og omsorg heimetenester	574 921
330 Helsetasjon	73 298
331 Nav	45 531
350 Helsetenester	474 992
400 Miljø og samfunnsutvikling	61 800
410 Kultur	913
420 Teknisk var	65 007
430 Teknisk drift	150 717
450 Landbruk og næring	13 018
<b>Totalt</b>	<b>2 483 465</b>

- Kommunen har fått 1.741.000 kroner, som ein del av pott på 3,5 milliardar kroner. Samla har kommunen fått 2.403.000 kroner gjennom inntektssystemet, som og inkluderer fleire mindre postar.
- Vi har motteke 1.505.000 kroner næringsmidlar og 1.000.000 kroner i ekstra vedlikehaldsmidlar.
- Kommunen har løyvd 600.000 kroner i tilskot til lokalt næringsliv.
- Kommune har fått overført 155.000 kroner i skjønnsmidlar, men ved seinare tildelingar er det berre dei hardast råka kommunane som har fått midlar.
- Vi har fått å dekt refusjonar utover 3 dagar på fråvær, i staden for 16 dagar, men vi har hatt relativt lite fråvær knytt til pandemi over 3 dagar.
- Vi får vi redusert arbeidsgjevaravgift med 4% i 1 termin, det vil seie 2,4% i staden for 6,4% og dette er rekna til vel 1,1 million kroner.
- Det er bokført knapt 500.000 kroner i inntektstap på brukarbetaling, foreldrebetaling, billettinntekter og lokalleige.
- Skatt på inntekter og formue er over budsjett lokalt i Skjåk og 3,1 % høgare enn i 2019. Det vil truleg likevel vere enkeltbedrifter som i ulik grad er ramma av pandemien.
- Kommunen har hatt mindre netto finansutgifter på grunn av lågare rentesats.
- Pandemien har medført låg lønsvekst og låg reguleringspremie pensjon, som er omtala i eige punkt.
- Ressursane som er brukt i ordinær drift og beredskap er ikkje ført som kostnader knytt til pandemi, da det ikkje er direkte ekstrautgifter.

## Flaum

I 2020 er det kostnadsført litt over 1 million kroner knytt til flaum. Dette er finansiert med 605.000 i ekstra skjønn, moms kompensasjon, samt løyvingar frå næringsfond og disposisjonsfond.

## 05

# Organisasjonen

I dette kapitlet er sjukefråvær, personalgruppa og arbeidsforhold tema. For å få til ein god organisasjon er det naudsynt med ei tett oppfølging av leiarane i kommunen, og å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Kommunedirektøren har jamlege møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Fleire tilsette har i lengre periodar jobba på heimekontor i 2020, og vi har difor i større grad gjennomført møter og ulike samlingar digitalt. Dette har i det store og heile gått greitt, og vi har gjort mange nyttige erfaringar vi vil ta med oss vidare. Vi ser at det i ein del tilfelle er langt mindre ressurskrevjande å gjennomføre møte digitalt, og dette kan spare oss for både tid og pengar. Det likevel viktig å ha den daglege kontakten med kvarandre, for saman skape eit godt arbeidsmiljø. Dette har vore krevjande i året vi har lagt bak oss, og det er viktig å sjå på ulike løysingar, for å ha god informasjonsflyt og halde kontakt i ein travel kvardag.

## Sjukefråvær

2016	2017	2018	2019	2020
7,90 %	6,20 %	6,20 %	6,10 %	10,2 %

## Sjukefråvær

Skjåk kommune har det siste året hatt aukande sjukefråvær. Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 6 %, og i 2020 er vi langt unna dette målet. Eit mål på 6 % er eit lågt fråvær, men i 2017, 2018 og 2019 var vi svært nær med å innfri dette. 2020 har vore eit spesielt år med tanke på pandemi, og dette har nok innverknad på auke i sjukefråværet. Forklaringa på det høge fråværet skuldast truleg fleire forhold, og det vert nå arbeidd med tiltak på dei ulike tenesteområda. Aktuelle tiltak kan vere både på system- og individnivå. Generelt kan vi seie at korttidsfråværet i Skjåk er ganske lågt, det er langstidsfråværet som dreg opp statistikken mest.

Kommunen har eit eige årshjul for IA-arbeid og plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Skjåk kommune er ei IA-kommune. Ein IA-arbeidsplass skal vere ein meir inkluderande arbeidsplass der det overordna målet er å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråsvær-arbeid og nærværarbeid er også tema på møter og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

## Tilsette

Ansvar	Menn	Kvinner	I alt
100 Kommunedirektør	1	0	1
103 Personal og organisasjonsutvikling	1	5	6
104 Økonomi	1	4	5
200 Oppvekst og utdanning	3	6	9
201 Flyktningar	0	2	2
211 Dønfoss barnehage	0	7	7
212 Holemork barnehage	0	6	6
213 Bismo barnehage	0	10	10
220 Skjåk barne og ungdomskule	5	40	45
240 Kulturskule	4	7	11
300 Helse og omsorg	0	4	4
310 Pleie og omsorg institusjon	1	46	47
320 Pleie og omsorg heimetenester	7	42	49
330 Helsetasjon	0	5	5
331 Nav	1	3	4
350 Helsetenester	1	9	10
400 Miljø og samfunnsutvikling	2	1	3
410 Kultur	0	1	1
420 Teknisk var	4	0	4
430 Teknisk drift	11	12	23
450 Landbruk og næring	3	2	5
<b>Totalt</b>	<b>45</b>	<b>212</b>	<b>257</b>

	2017	2018	2019	2020
Antal årsverk	228	224	215	210
Antal tilsette	290	288	270	257

## Personalet

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2020 totalt 210 årsverk, dette er fordelt på 257 tilsette, 212 kvinner og 45 menn. Vi har ein nedgang på antal årsverk og tilsette dei siste åra, dette går fram av oversikt under.

Ein kan sjå ei skeiv kjønnsfordeling i fleire sektorar. Skjåk kommune har ei utfordring når det gjeld å auke andelen menn, særleg gjeld dette innan pleie- og omsorg, skule, barnehage og støttefunksjonar. Teknisk er også eit område der vi har tradisjo-

nell kjønnsfordeling sjølv om det kan sjå annleis ut på statistikken. Alle vaktmeisterane våre er menn og alle dei fast tilsette reinhaldarane våre er kvinner.

Skjåk kommune har stabil arbeidskraft, og innan dei fleste tenesteområde er det lite utskifting av tilsette. Tiltak for å få ei jamnare kjønnsfordeling er difor mest aktuelt ved nyttilsettingar.

I Skjåk kommune er det få tilsette med universitetsutdanning, men vi har mange

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2020 totalt **210 årsverk**, fordelt på **257 tilsette**.



212 kvinner



45 menn

med høgskule -og fagskuleutdanning. Den gruppa vi har færrest i, er ufaglærde. Det tyder på at det er høg kompetanse blant dei tilsette. Vi arbeider for å heve kompetansen der det er flest ufaglærde.

Kommunen har eige kompetanseutval. Utvalet fattar enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning. Det er to søknadsfristar i året. I tillegg til kommunen sitt kompetanseutval er det ulike støtteordningar for andre utdanningsløp. Vi hadde fem lærlingar ved utgangen av 2020, desse er fordelt på tre ulike fag. Av lærlingane er det fire kvinner og ein mann.

### Arbeidstid

Av 257 tilsette er det 152 tilsette som arbeider deltid. I oversikta under er fast tilsette og vikarar som er tilsett i ein bestemt stillingsstorleik medrekna. Vikarar på timebasis er ikkje medrekna her.

Det er framleis mange tilsette i Skjåk kommune som arbeider deltid, men kommunen arbeider aktivt for å redusere bruk av uynskt deltid for tilsette i heile kommunen. Vi har eit særskilt fokus innan pleie- og omsorg. Samstundes som vi arbeider aktivt for at tilsette skal få arbeide i større stilling, ser vi mange, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i reduserte stillingar. Ein del av dei som jobbar deltid gjer dette av helsemessige grunnar. Som det går fram av oversikta under er den gjennomsnittlege stillingsstorleiken i kommunen nå lik for kvinner og menn. Fleirtalet av dei som jobbar deltid jobbar over 60 % stilling

### Gjennomsnittleg stillingsstorleik

	2016	2017	2018	2019	2020
Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	77,2 %	78,3 %	77,2 %	80,3 %	82 %
Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn	78,5 %	81,4 %	79,6 %	81,8 %	82 %

## 06

# Tenesteområde oppvekst og utdanning



Oppvekst og utdanning omfattar barnehagane, Skjåk barne- og ungdomsskule, Lom og Skjåk kulturskule, Skjåk folkebibliotek, IT-samarbeidet Lom og Skjåk, Flyktningtenesta med vaksenopplæringa og servicetorget.

I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

### Fokusområde 2020:

- Regional kompetansesatsing
- Desentralisert kompetansesatsing
- Fagfornyng
- Digitale ferdigheiter (Ikt) i skulen
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Korps i skulen
- Vidareutvikling av felles kulturskule, Kulturskule vurdering for læring
- Utvikling av biblioteket, møteplass, barn og unge og formidling.

### Kommentarar til resultat frå kommunalsjef oppvekst og utdanning

2020 er blitt prega av koronasituasjonen på mange måtar. Mykje vart ikkje slik det var planlagt. Oversikta over resultat i Ansvar 200 viser at alle tenesteområda har eit mindreforbruk i 2020 samanlikna med budsjett.

Mykje av dette har samanheng med reduserte pensjonskostnader, men og endra driftsføresetnadar gjennom året.

Dei fleste tenesteområda har hatt reduserte vikarkostnader. Sjukefråværet har vore høgt, men det har ikkje vore behov for å ta inn vikarar i delar av året. Dette utgjer ein stor del av mindreforbruket på fleire tenesteområde.

Samtidig har inntektene gått ned på ein fleire område. Foreldrebetalinga i barnehage er redusert med kr 521 469,- på grunn av færre ungar i barnehagen. Samtidig er løn til faste stillingar i barnehagane redusert med nesten kr 818 000,-.

På Ansvar 200 er dei største avvika reduserte kostnader til skuleskyss og til IT. For IT er dette fordelt på fleire postar, men hovudinnsparinga er reduserte kostnader til lineleige.

Det har vore praktisert streng budsjett disiplin og nøysemd. Likevel har vi gjennomført utskifting av og ny-innkjøp av digitale hjelpemiddel på skulen. Dette er i utgangspunktet prioritert satsing, koronasituasjonen har i tillegg aktualisert utviklinga.

I ein situasjon der alle har tenkt «sparing» fyrst, kan vi kome i ein situasjon der for eksempel utskiftingar av it-utstyr i organisasjonen blir utsett lengst råd for å skyve på utgifter. Dette vil då i dei fleste tilfelle kunne vere kostnader som vi får att i ettertid.

No kan vi ikkje seie at det er situasjonen slik vi ser den pr februar 2021. Men det kan likevel vere grunn til å ha dette i tankane.

### Økonomi

		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik	Rekneskap 2019
150	Støttefunksjonar	0	0	0	10 304 157
200	Oppvekst og utdanning	13 992 498	15 081 000	-1 088 502	5 349 217
201	Flyktningar	2 162 649	2 226 000	-63 351	4 760 297
211	Dønness barnehage	4 120 289	4 246 000	-125 711	4 732 403
212	Holemork barnehage	3 278 849	3 946 000	-667 151	3 797 920
213	Bismo barnehage	4 941 109	5 423 000	-481 891	5 280 569
220	Skjåk barne- og ungdomsskule	21 775 895	21 869 000	-93 105	24 090 058
240	Kulturskule	1 703 482	1 787 000	-83 518	1 576 149
	<b>TOTAL</b>	<b>51 974 771</b>	<b>54 578 000</b>	<b>-2 603 229</b>	<b>59 890 770</b>

## Pandemi

Då pandemien kom i februar 2020 vart det store omveltingar for alle på kort tid, med mange nye utfordringar som knapt nokon hadde sett for seg. Signala frå sentralt hald var at det var viktig å halde tilbod til dei yngste i gang, mellom anna for å sørge for at samfunnet skulle kunne fungere.

I starten verka det som at foreldre vart «letta» då skule og barnehagane stengde. Det var mange som hadde uttrykt uro for at ungane kunne bli smitta, eller at dei skulle ta med seg smitte. Så da «alt» vart stengt, var det nok mange som opplevde det som bra, tross alt. Etterkvart tykte nok dei aller fleste at dette var slitsamt. Tilbod i barnehage og skule/SFO vart oppretthalde for kritiske samfunnsgrupper.

Det vart innført dagleg rapportering frå styrarar og rektor på status. Kor mange ungar møtte? Kor mange tilsette var sjuke? Og korleis venta ein at situasjonen ville utvikle seg til neste dag?

Dette var attendemeldingar som vart tekne med inn i krisegruppa i kommunen.

Tilsette møtte dei nye utfordringane med ro og kreativitet. Tilsette som vart flytta til nye oppgåver stilte opp og gjorde ein framifrå jobb der dei kom. Dei andre sørgde for heimeskule eller gjorde anna førefallande arbeid, for eksempel pussa opp biblioteket. Andre nytta tida til nettbasert kurs initiert av leiar. Foreldre og brukarar viste stor forståing og samarbeidde med å finne praktiske løysingar.

Biblioteket stengde, men folk fekk likevel låne bøker.

Tidleg var omsynet til dei mest sårbare og utsette barn og unge prioritert. Helsestasjonen gjorde her ein verdifull innsats ved å opprette kontakt med elevar som hadde behov for tettare oppfølging. Det vart ordna med Teams-platt-

form for helsestasjonen slik at dei kunne bruke same plattform som skulen til å kommunisere med elevane. Heilt frå starten vart det lagt vekt på at alle elevar skulle kontaktast og pratast med av lærar kvar dag.

Barnesteget var alt i gang med iPad og digitale verktøy. Det var slik lagt godt til rette for heimeundervisning. På ungdomssteget var vi ikkje komne fullt så langt. IT gjorde ein viktig jobb saman med innleidd kompetanse (Omar Lien), slik at vi raskt fekk oppretta plattform for heimeundervisning der og.

Vaksenopplæringa og Kulturskulen stengde ned all aktivitet som ikkje let seg gjennomføre på nett fram til sommaren. Etterkvart vart det letta opp, og barnehagar og

skulen opna opp att. Frå hausten var vi på GULT nivå med tilnærma normale opningstider, men med skjerpa hygiene og tiltak for å redusere fare for spreing av smitte.

I det vidare her er det fleire eksempel på erfaringar som tenestemråde har frå pandemien 2020.

### Bismo barnehage

- Lockdown: 13.3.-19.4.2020 (5 veker)
- Raudt nivå: 20.4.- 7.6. 2020 (7 veker). Redusert opningstid og inndeling i kohortar. Bismo barnehage brukte Gamleheimstrædet som base til dei eldste barna. Sette opp lavvo og tok i bruk «den raude hytta» i Gamleheimstrædet.

### Holemork barnehage

Holemork barnehage hadde ei gruppe barn i Marlo.

- Gult nivå: 8.6.2020 - : Ordinær bemanning og opningstider, ekstra fokus på smittevern og hygiene. Berre foreldre (og andre naudsynte, f.eks. vaktmeister, PPT o.l.) får kome inn i barnehagen, barna har med matboks frå heime, mykje aktivitet ute osv.



### Dønness naturbarnehage

2020 har naturlegvis vore eit spesielt år med tanke på koronasituasjonen som har ført til mange nye erfaringar og utfordringar. Å leie i ein krisesituasjon våren 2020 var krevjande, men med felles teamarbeid i heile personalgruppa meiner vi at vi er komne styrka ut av dette. Tydelege planar, skjema, faste grupper, tydeleg ansvarsfordeling, god struktur og organisering vart suksessfaktorar. Hyppige endringar førte til mykje informasjon ut til foreldre pr. e-post, Messenger og telefon, noko som fungerte bra. Det var stor forståing og samarbeid med foreldregruppa. Tydeleg kommunikasjon til medarbeidarar var viktig og at alle fekk med seg nye retningslinjer til ei kvar tid. Det er til tider krevjande å få personalkabalen til å gå opp slik at tilfredstillande smittevern blir utført, og vi har på raudt nivå måtte kutte noko plantid og møtetid. Personalet har i periodar vore slitne mentalt på grunn av ekstra belastning, men alle har vore veldig omstillingsdyktige og stått på heile året. Det har vore lagt ned ein enorm innsats og vilje til at alt skal fungere bra for alle partar, det er styrar stolt av. I tillegg melder styrar om positivitet og dugnadsånd på høgt plan. Koronatida vart langvarig, men barnehagen meiner dei har funne gode rutinar som fungerer på gult nivå. Elles har dei beredskapsplan ved rask oppgradering til raudt nivå.

### Vaksenopplæringa

2020 starta med nedstenginga av læringssenteret 12. mars pga. korona-pandemien. Informasjon og undervisningsopplegg til deltakarane skjedde på papir, ved personleg levering i heimen, eller i postkassa. Digitale ressursar vart innkjøpt, men manglande datakompetanse samt at mange deltakarar i VO ikkje har eigne PC-ar gjorde det vanskeleg. Kommunikasjon og oppfølging gjekk per telefon, e-post, SMS og på skulen si Messenger-side. Skulen opna for Introduksjonsdeltakarane og dei som skulle ha sommareksamen 11. mai.



Foto: Skjåk Kulturskule

### Kulturskulen

Kommuneplanen: «Skjåk kommune skal: Ha ein god og variert kulturskule:

- basert på rammeplanen for kulturskulen
- samarbeid med anna kulturtilbod, grunnskule og barnehage
- ein motor i utvikling av kulturtilbod for barn og unge i kommunen

2020 byrja som eit heilt vanleg år, men skulle tidleg vise seg å bli noko heilt anna.

For fyrste gong skulle eit elevråd ved Lom og Skjåk kulturskule produsere vårframsyninga, og da nedstenginga grunna Covid19-pandemien kom i mars, var dei godt i gang med dette arbeidet.

Kulturskulen kom raskt i gang med digital undervisning, og lærarane viste stor vilje til å tenke nytt for å sikre at flest mogleg hadde eit digitalt tilbod.

Erfaringar med bruk av digitale verktøy og alternative opplegg vil kulturskulen kunne ha nytte av også ved ein normalsituasjon.

Framsyningar og utstillingar er ein viktig del av kulturskulen sitt arbeid. Her blei det nytta alternative arenaer, med blant anna utandørs utstilling og digitale framsyningar.

### Elevplassar

	Elevplassar 2018/2019	Elevplassar 2019/2020	Elevplassar 2020/2021
Breiddetilbod	37	45	46
Kjernetilbod	194	185	157
Fordjuping	5	10	0



Foto: Skjåk Kulturskule

### Utviklingsarbeid ved kulturskolen

Starten av haustsemesteret var og starten på eit større utviklingsprosjekt for dei tilsette ved Lom og Skjåk kulturskule. «Kulturskule vurdering for læring», eller «KulVFL», er eit kurs i regi av Norsk Kulturskoleråd. Målet med kurset er å vidareutvikle deltakaren si vurderingskompetanse samstundes som det skal styrke det profesjonelle læringsfellesskapet og kulturskolen som lærande organisasjon.

Kulturskolen ynskjer med dette arbeidet å styrke læring, utvikling og trivsel hjå elevane.

### Barnehage

*Felles visjon for barnehagane i Skjåk; «Sjå ljust på livet»*

*Vi vil at humor, glede og positiv tenking skal prege kvardagen i barnehagen vår. Å kunne glede seg og le saman med barna er viktig. Vi ynskjer å gjere barn og vaksne løysingsorienterte gjennom positiv tenking.*

### Barn, personal og drift ved utgangen av 2020

**Bismo:** 34 barn/44 plassar, 7,5 årsverk på barnegruppa. Barnehagen er bemanna etter fastsett bemanningsnorm for Skjåk kommune/nasjonal norm. Dei tilfredsstillar og gjeldande pedagognorm.

Drift i to avdelingar på huset (36 plassar) + ei avdeling i modulbygget (18 plassar). Til saman har barnehagen 54 plassar. Nokre ledige plassar haust 2020, som vi fyller opp innan utgangen av barnehageåret 20/21.

6 barn med eit anna morsmål enn norsk. Bismo barnehage hadde tidlegare ein ekstra ressurs til å styrke språkopplæringa til desse barna. Det har dei ikkje lenger.

**Holemork:** 18 barn/ 25 plassar, 4,26 årsverk på barnegruppe. Bemanninga er etter fastsett bemanningsnorm for Skjåk kommune/ nasjonal norm. Dei tilfredsstillar og gjeldande pedagognorm.

### Omorganisering av leiarstruktur:

Frå august 2020 vart barnehagedrifta organisert med ein styrar for Holemork og Bismo. Styrar har kontortid i båe barnehagane i løpet av veka. Talet på plassar i Holemork vart hausten 2020 redusert frå 36 til 25. Styrar har overordna økonomi og personalansvar. Karin Fjerdingsren har ansvar for dagleg drift, 40 % stilling.

### Satsingsområde Bismo:

- Deltaking i kompetanseprogram gjennom den Regionale kompetansesatsinga (Rekomp.).
- IBSM. Vi er med i pulje 3 i den nasjonale satsinga for å vidareutvikle gode helsefremjande læringsmiljø i barnehage og skule. Satsinga varer ut 2020.

### Talet på born ved utgangen av kvart år:

	2016	2017	2018	2019	2020
Dønfoss naturbarnehage	22	20	27	27	21
Bismo barnehage	23	27	33	33	34
Holemork barnehage	22	24	26	26	18
Furuly familiebarnehage	03	00	03	03	03

- Kropp, rørsele, mat og helse; Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Gode vanar ein tileignar seg i barnehagen kan vare livet ut! I tråd med nasjonale føringar har barnehagen auka fokus på barna si psykiske helse. Å vere ein del av eit fellesskap, ha venner å leike med og ha trygge og gode relasjonar til dei rundt seg er viktig i den samanheng.
- Kommunikasjon, språk og tekst; Tidleg og god språkstimulering er ein
- viktig del av innhaldet i barnehagen, ikkje minst med tanke på at det er mange fleirspråklege barn. Gode samtalar, aktiv bruk av språk i kvardagssituasjonar, konkretisering, lesing, songar, rim, regler, språkboksar og arbeid i mindre grupper er døme på brukte metodar.
- Syngjande barnehage; Bismo barnehage er ein syngjande barnehage.
- «Syngjande barnehage» er eit nettbasert opplegg der målet er å styrke musikk-kultur og songglede i barnehagen. Det blir lagt vekt på barna sine opplevingar og aktiv deltaking, altså ikkje musikk for barn, men musikk saman med barn.

**Satsingsområde Holemork:**

- Deltaking i kompetanseprogram gjennom den Regionale kompetansesatsinga (Rekomp.).
- BSM. Barnehagen er med i pulje 3 i den nasjonale satsinga for å vidareutvikle gode helsefremjande læringsmiljø i barnehage og skule. Satsinga varer ut 2020.
- Kommunikasjon, språk og tekst: Gjennomgåande tema dette barnehageåret er "Leik med språk året rundt". Det er teke utgangspunkt i det metodiske språkutviklingsverktøyet "Snakkepakken". Tidleg språkstimulerande innsats er eit viktig førebyggjande tiltak. Eit variert språkmiljø skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.
- Leik – inkluderande leikemiljø: Leik er ein viktig del av barn sin kvardag og skal ha ein sentral plass i kvardagen. I Holemork barnehage jobbar ein bevisst for å leggje til rette for å ha eit inkluderande leikemiljø, som skal gje gode vilkår for leik, læring, utvikling og vennskap. Det blir nytta pedagogisk dokumentasjon for å jobbe målretta og systematisk med utvikling av leikemiljøet.

**Brukarundersøking Bismo**

Brukarundersøking Bismo, november 2020; Svarprosent 91,7%.

Nemneverdige funn: Misnøye rundt matboksordning Matboksordninga har vore eit smitteverntiltak i samband med covid-19, da ordninga har frigjort tid til ekstra hygienetiltak samt at den har gjort det meire fleksibelt med tanke på måltidssituasjonen. Vi går attende til ordinær matordning, servering av mat i barnehagen f.o.m. 1. februar 2021.

Barnehagen har svært gode resultat på spørsmål om barna sin trivsel og om



Foto: Augeblikk Studio

dei har venner i barnehagen. Ein medverkande faktor kan mellom anna vere eit systematisk arbeid med prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». I «total tilfredsheit med barnehagen», ligg resultatata over det som er snitt for landet/nasjonalt.

**Brukarundersøking Holemork**

Brukarundersøking Holemork, november 2020. Svarprosent 66,67%.

Vi ser at det er fleire område med framgang. Barnehagen skårar høgt på barn sin trivsel og trygghet på personalet, om barna har venner i barnehagen, og på relasjonar mellom barn og vaksne. Som Bismo tenkjer vi at arbeidet med IBSM her har gjeve gode resultat.

Område med mindre tilfredsheit er matordninga, bemanningstettheit og utearealet. Når det gjeld matordninga er det nok dei same faktorane som i Bismo som gjeld. Barnehagen gjekk attende til ordinært mattilbod f.o.m 1. februar 2021.

Låg skår på bemanningstettheita er nok eit resultat av dei strukturelle endringane i drifta som vart gjort i Holemork hausten 2020. Det vart ein merkbar overgang når personalgruppa vart mindre som ei fylgje av redusering av talet på plassar.


Uteleikeområdet fekk som forventa dårleg skår. Sommaren 2020 vart eit stort klatre/leikeapparat fjerna av sikkerheitsmessige grunnar. Foreldra er nå opptekne av at uteområdet ikkje skal bli ein salderingspost med tanke på at det skal vere barnehagedrift fram til samanslåing av Holemork og Bismo er eit faktum. Dette veit vi er nokre år fram i tid.

### Dønfoss naturbarnehage

Dønfoss har gjennom fleire år hatt ein naturbarnehage-profil som er blitt vidareutvikla. Barnehagen ligg midt i skogen med utfordrande og variert utemiljø. Barnehagen legg vekt på lek, læring og opplevingar i nær kontakt med naturen. Dei er med på elgjakt, slakting av gris, fising, og innhausting frå eigen kjøkkenhage og skogen. Dei foredlar mat, grønnsaker og bær slik at barna ser samanhengar i naturen og kvar maten kjem frå. Dei legg vekt på lokale tradisjonar og bakar mjukbrød, hardbrød og lefser. Dei lagar også tradisjonsrik mat til jul, slik som sylte av gris. Dei går mykje på tur og skiturar på vinteren, og lever eit flittig «lavvo-liv» på leirplassen i skogen, der dei lagar mykje mat på bål. Dei arbeider tverrfagleg med alle fagområda i rammeplan gjennom den naturbarnehage-baserte profilen. Eksempel på dette kan vere matematikk i naturen som formsafari. Dei har også ei hinderløype som stadig er i utvikling i samband med lavvoområdet. Elles er dei mykje ute til alle årstider, og det å tilbringe dagane i lavvo har i mange år vore ein del av kvardagen i Dønfoss naturbarnehage.

Skjåk kommune er stolt over å kunne tilby ein slik barnehageprofil som gjev eit ekstra mangfald.

Den grunnleggjande pedagogikken er basert på tryggleik og omsorg som ligg i botn for alt. Det handlar om å møte barna sine kjensler og behov. Dei som arbeider i barnehagen må ha ei heilskapleg tilnærming til læring som ser lek, læring, medverknad og danning i samheng. Prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (IBSM) dei siste to åra har vore ei god vidareføring av arbeidet med grunnleggjande pedagogikk og praksis. Dei har dei siste åra arbeidd mykje med



Begge foto: Dønfoss barnehage

emnet på møte, kurs, sett filmar frå UDIR og refleksjonar i personalgruppa. Det har vist resultat i det psykososiale miljøet og ikkje minst i barnegruppa. Foreldreundersøkinga viste også eit særst godt resultat på dette området. Dette er noko dei tilsette i barnehagen er stolte av. Eksempel på det dei har jobba med er vaksenrolla, personalet sine haldningar og korleis dette påverkar barna, anerkjennande kommunikasjon, barna sine kjensler, barn sin medverknad, barneperspektivet (sjå heilheita ut i frå barna sin synsvinkel), å kunne mentalisere, og sjølvstilt inkluderande fellesskap. Dette er viktige område dei stadig arbeider med, drøftar og evaluerer.

Dønfoss naturbarnehage har dei siste åra vore i ein prosess der renovering og påbygg av eksisterande bygg har vore målet. Situasjonen i barnehagen er utilfredsstillande med manglande garderobe og kontorfasilitetar, i tillegg til mangel på vatn på småbarnsavdeling. Barnehagen meiner at det har vore ein lang og tildels krunglete prosess. Nå håpar dei tilsette på ei snarleg løysing.



## Skulen

Skulen har vore gjennom store endringar sidan Skjåk barne- og ungdomsskule vart opna. Talet på årsverk i personalet er redusert. Elevtalet ved årsskiftet er i overkant av 200 (205 v. årsskiftet). Det er ein reduksjon på ei klasse sidan starten.

Dei siste åra har det vore satsa på digital kompetanse og bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet. Det er innført ny læreplan i alle klassar med unntak av 10. klasse. Skulen har gjennomført store løft i «Kompetanse for kvalitet» og i Desentralisert kompetansestrategi (DEKOMP). I tillegg har skulen delteke i den nasjonale satsinga på Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Det er krevjande å delta i såpass mange satsingar og utviklingsarbeid på same tid. Personell må frigjerast i periodar for å delta på samlingar, satsingane skal følgjast opp i fellesskapet på skulen og i det daglege arbeidet. Kjem ikkje satsinga og nyvunnen kompetanse elevane til gode, er det i verste fall bortkasta ressursbruk.

Statistikken viser at skulen har jamt over gode resultat som sluttresultat frå grunnskulen. Utfordringa er som før begynneropplæringa eller dei fyrste åra. Resultata frå nasjonale prøver i 5. klasse er framleis ikkje gode nok.

Koronasituasjonen har vore utfordrande for mange, ikkje minst for ein del av elevane. Lærarane har teke utfordringane og lagt om undervising slik at den har blitt tilrettelagt for heimeundervising frå starten. Men vi ser fleire teikn på at stenginga av skulen har vore utfordrande for fleire av elevane.

Det er utfordringar i elevmiljøet som krev betydeleg innsats. Det er grunn til å rose alle tenestene som bidreg i arbeidet med å

gjere elevmiljøet trygt og godt for alle. Ein del av dei utfordringar som kan oppstå i eit skulemiljø krev at ein klarar å bygge eit godt «lag» rundt eleven/elevane for å sikre at dei har det trygt og godt.

### Kurs i sløyd for lærarane

Den nye læreplanen legg større vekt på handverk. Hausten 2020 tilbød Hjerleid skole- og håndverkssenter gratis kurs i sløyd for lærarar i Nord-Gudbrandsdal nettopp for å auke kompetansen hos lærarane. Skjåk hadde med to deltakarar.

### Gåve til skulen

Nordigard Ramstad har gjeve eit maleri til skulen. Det var 1. klasse som tok imot maleriet som skal hengje sentralt i vestibylen.



Foto: Skjåk barne- og ungdomsskule

## Skulen

Indikator og nøkkeltall	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Talet på elevar	254	248	231	215	202
Talet på skular	3	3	3	1	1
Talet på lærarar med kontaktfunksjon	22	21	20	18	18
Talet på lærarar	42	41	39	34	32

Kjelde: Skoleporten.no

Elevtalsutvikling, talet på skular, talet på kontaktlærarar og lærarar generelt.

## Resultat, grunnskulepoeng:

Indikator og nøkkeltall	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
<b>Grunnskulepoeng, gjennomsnitt</b>					
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Skjåk kommune skuleeigar	40,9	44,2	41,2	40,8	42,8
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Innlandet fylke					42,8
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1

Kjelde: Skoleporten.no

Tabellen viser slutt-resultat (gjennomsnitt) frå 10.klasse i Skjåk, samanlikna med fylket og landet.

## Skulemiljøet – elevundesøkinga

	Nasjonalt (Høst 2020)	Nasjonalt (Høst 2020)	Skjåk kommune (Høst 2020)
Trivsel	4,2	4,3	4,1
Støtte frå lærarane	4,3	4,3	4,3
Støtte frå heimen	4,2	4,1	4,3
Vurdering for læring	3,6	3,6	3,7
Læringskultur	4,0	4,0	3,9
Meistring	4,0	4,0	4,0
Motivasjon	3,7	3,7	3,6
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,7	3,5
Felles reglar	4,2	4,2	4,2
Mobba av andre elevar	4,7	4,8	4,8
Utdanning og yrkesrettlegging	3,6	3,7	3,6
Praktisk opplæring	3,3	3,3	3,2
Variert opplæring	3,8	3,8	3,9
Relevant opplæring	3,6	3,6	3,7
Innsats	4,0	4,0	4,1
Faglege utfordringar	4,2	4,3	4,1

Tabellen viser resultat frå Skjåk samanlikna med fylket og nasjonale resultat frå undersøkinga gjennomført i november 2020. (Tala er på skala frå 1-5, der 5 er høgast)

## Flyktingtenesta

Kommuneplanen: «Skjåk skal ha: God integrering av flyktingane, med gode bustader, tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.»

### Årsverk i flyktingtenesta i 2020: 0,2

Talet på årsverk vart redusert med 0,5 årsverk i 2020.G

I 2020 var det 1 ny busett i Skjåk kommune, medan 13 fløtte ut frå kommunen, derav 5 barn.

31.12.2020 var det 4 aktive deltakarar i Introduksjonsprogrammet, samt 1 i permisjon. På grunn av nedstenging vart enkelte av introduksjonsprogramma mangelfulle våren 2020, og for to av deltakarane vart programmet utvida i lengde. Dette vert dekt av «Korona-midlar» frå IMDI.

Stillinga som flyktingkonsulent og leiar av tenesteområdet Vaksenopplæring og flyktingteneste vart avslutta 31.12.19. Tenesteområdet var ikkje bemanna i januar, ei heller i mars. I april vart flyktingarbeidet overført til vaksenopplæringa og direkte underlagt Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning.

Det er ikkje kome noko signal på ny busetting, men Skjåk kommune har gjeve attendemelding til IMDI om at kommunen er viljug til å busette flyktingar ved førespurnad. IMDI nyttar i dag kriterier for busetting som gjer det lite sannsynleg for mottak, men fylkeskommunen har uttalt seg positiv til at små kommunar også kan vere gode busettingskommunar. Ynskje har vore 10 busette kvart 2. år. Dette for å oppretthalde kompetanse og kunnskap i tenestene, auke talet på befolkninga i kommunen - samstundes for å bidra i eit felles samfunnsoppdrag.

## Vaksenopplæringa (VO)

### Vaksenopplæringa (VO)

	Deltakarar
Introduksjonsordning	4
Vaksenopplæring	23

Vaksenopplæringa i Skjåk er ein kommunal teneste som tilbyr norsk- og samfunnsfagsopplæring til alle busette med innvandrarakgrunn etter Læreplan for språklege minoritetar som har rett og/eller plikt til opplæring i følge Integreringsmyndighetene. Tilbodet er for dei som er busette i kommunen, men frå august 2020 har Lom kommune også nytta tenesta i Skjåk. I april vart flyktingarbeidet ein del av vaksenopplæringa i Skjåk kommune. I august 2020 starta Skjåk kommune Grunnskule for vaksne.

Tilsetting: 01.01.20 var det 2 tilsette på 1,6 årsverk; 1,3 undervising og 0,2 administrasjon (0,2 i permisjon pga. utdanning). Da vaksenopplæringa overtok flyktingarbeidet i april, var årsverket i tenesta auka til 1,8 (+ 0,2 i permisjon).

Vaksenopplæringa i Skjåk har sidan august 2020 hatt 2 tilsette i 2 årsverk; 1,6 til undervising i språk og grunnskule, og 0,2 til administrasjon av språkopplæringa – og grunnskulen for vaksne, og 0,2 til flyktingarbeid.

Dei tilsette har formell pedagogisk kompetanse, i tillegg har ein av dei tilsette Norsk som andrespråk, og ein annan Karriererettleiing.

Læringscenteret hadde i 2020 deltakarar frå 11 land, jamt fordelt mellom Afrika, Europa og Asia. Nokre av deltakarane er flyktingbusette, andre er familie- eller arbeidsinnvandrarar. Det er også kome inn-

vandrarar til Skjåk som verken har rett eller plikt til opplæring, men som ynskjer å lære seg språket, og som får tilbod om kurs om det er plass ved pågåande kurs. Tilbodet om opplæring er gratis for kommunen sine innbyggjarar, medan Lom kommune kjøper tenesta.

Språkopplæringa vert gjeve etter nivå, og våren 2020 var det tilbod på både A1-oppstart, A1 hurtig, A2 og B1-nivå. Hausten 2020 var det tilbod om kurs på A1-A2, B1 og B2.

Få undervisingstimar er ei utfordring både med tanke på rask kvalifisering av den enkelte, men også til å nå kravet om 300 timar i norsk- og samfunnsfag for opphaldsløve i Noreg for arbeidsinnvandrarar innan 3-årsfristen. Få timar i norsk kan også føre til at ein flyktingbusett mistar retten til flyktingstipend i vidaregåande skule, fordi tidsfristen for gjennomføring går ut.


Vaksenopplæringa har gjennom året tilbydd offentlege prøver i norsk og samfunnsfag samt prøver for statsborgarskap. Den skriftlege norskprøva har vorte gjennomført digitalt i Skjåk på studiesenteret og på vaksenopplæringa, og personar frå både Lom og Skjåk har nytt dette tilbodet. Den munnlege prøva vart ikkje gjennomført på Otta Læringscenter vinteren 2020 p.g.a. av Covid-19, medan sommar, haust og vinter vart gjennomført som planlagt. Vaksenopplæringa i Skjåk sit med register for offentlege prøver og avlagte timar i norsk og samfunnsfag. VO gjev ut godkjende dokument i norsk og samfunnsfag som innvandrarar pliktar å levere ved søknad om permanent opphald og norsk statsborgarskap.

Vaksenopplæringa i Skjåk hjelper alle

## Vaksenopplæring, våren 2020



## Vaksenopplæring, hausten 2020



Tabellane over viser fordeling av elevar i vaksenopplæringa på dei ulike nivå. A1 er det enklaste nivået der deltakarane kan delta og forstå enkle daglegdagse formuleringar. Di høgare ein kjem B-C di meir avansert kommunikasjon kan deltakarane meistre.

### Vaksenopplæringa hadde:

**våren 2020:** 20 deltakarar  
Undervisingdagar: 3  
Timer per veke: 4–6 t

**Hausten 2020:** 23 deltakarar  
Undervisingdagar: 3  
Gjennomsnitt per veke: 4–6 t

Vaksenopplæringa i Skjåk er ein kommunal teneste som tilbyr norsk- og samfunnsfagsopplæring til alle busette med innvandrarbakgrunn.

busette med ulik innvandringsbakgrunn med søknadar til skule, opphaldsløye, arbeid, økonomisk bistand og Lånekassen. VO har erfart at nedstenginga av andre tenester f.eks. NAV, Politiets utlendingsenhet ved Innlandet politidistrikt, Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule og fleire, har ført til meirarbeid. Skulen har difor halde dørene opne under heile perioden med nedstenging.

Grunnskulen for vaksne gjev 7 personar grunnskuleopplæring i faga Norsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag, der 4 har vedtak om grunnskule. Kunnskap om landskap og kultur i verda, i Noreg og i vårt lokalmiljø er noko av det som står på timeplanen.

I samband med innføring av Grunnskule for vaksne har fokusområdet i vaksenopplæringa vore den nye fagplanen, og førebuing og planlegging av skuleåret, og administrasjon av denne.

Vaksenopplæringa har samarbeidd med dei regionale læringsentra i Midt- og Nord-Gudbrandsdalen.



Foto: Vaksenopplæringa i Skjåk

### Biblioteket

2020 vart eit spesielt år grunna koronapandemien. Biblioteket heldt stengt i ni veker mellom 12. mars og 19. mai. I denne perioden kunne folk bestille bokpakker som dei henta utanfor biblioteket. Trass i dette tilbudet, hadde det sjølvstøtt innverknad på utlånet at biblioteket heldt stengt ein femtedel av året. Men når det gjeld besøk, viser besøkstala i dei tre vekene biblioteket hadde folketeljning ei gledeleg auke frå 2019.

I perioden som biblioteket heldt stengt, brukte dei tilsette arbeidstida på internt arbeid. Eit storstilt rydde- og oppussingsarbeid kom i gang. Mange gamle bøker og bøker som biblioteket hadde mange eksemplar av på magasina, vart kasserte. Dei tilsette måla glaskarmar, eit par veggjar og litt interiør. Biblioteket hadde kr 100 000,- på budsjettet for 2020 til innkjøp av nytt interiør og til oppussing. Dette vart nytta til innkjøp av nye møblar, betale leige til malefirma og til å kjøpe ny skranke.

Om hausten samarbeidde dei tilsette på Skjåk folkebibliotek med dei tilsette på Lom folkebibliotek om formidling til skulane i dei to kommunane. Alle klasser fekk bokpresentasjon med unntak av ei klasse i Lom. 19 bokpresentasjonar vart gjennomført i løpet av oktober og fyrste halvdel av november.

### Utlån

	2018	2019	2020	
Utlån skjønnlitteratur barn og ungdom	3 789	3 874	3 254	-16 %
Utlån skjønnlitteratur vaksne	3 532	3 860	3 2934	-24 %
Det totale utlån	12 927	12 851	9 362	-10 %

Tabellen over viser endringar i utlån for ulike brukargrupper i biblioteket.

### Utlån og besøk

Det totale talet på utlån og fornyingar gjekk ned frå 16 050 i 2019 til 14 442 i 2020, ein nedgang på 10%. I perioden da biblioteket heldt stengt, vart lånetida forlenga for mange utlån. Talet på fornyingar steig frå 2019 til 2020. Utlånet av bøker og andre medium gjekk ned frå 12 851 utlån i 2019 til 9 362 utlån i 2020. Dette viser ein nedgang på 27%.

Når det gjeld utlån av bøker, ser ein størst prosentvis nedgang i utlån av bøker til vaksne. Utlånet gjekk der ned med 24%. Utlånet av bøker til barn gjekk ned med 16%.

E-bøker tek ikkje av slik ein del har spådd. Utlånet av e-bøker gjekk faktisk litt ned frå 284 i 2019 til 203 i 2020. Men det er gledeleg å sjå at papirboka som medium held seg såpass godt.

Lydbøker i fysisk format gjekk ut av produksjon i 2019. Det betyr at lydboksamlinga som finst på biblioteket i form av cd- og mp3-plater, ikkje blir fornya. Nye lydbøker kan lånast i app-en BookBites. Dette er nytt og framandt for mange, og utvalet og tilgangen er for dårleg enda. Utlån av lydbøker for barn gjekk ned frå 641 utlån i 2019 til 182 utlån i 2020. For vaksne gjekk utlånet ned frå 1150 utlån i 2019 til 320 utlån i 2020. Både for barn og vaksne utgjør dette ein nedgang på 72%. Strøymetenester tek over også når det gjeld film og musikk. Utlån av film gjekk ned med 65% frå 2019, utlån av musikk med meir enn 90%.

Trass ni veker stenging, viser besøkstala ei auke i forhold til 2019. Dette er svært gledeleg, og vi reknar med at det i stor grad skuldast fleire klassebesøk i dei periodane biblioteket opna for det. Talet i besøkande



I perioden som biblioteket heldt stengt, brukte dei tilsette arbeidstida på eit storstilt rydde- og oppussingsarbeid.

Foto: Skjåk folkebibliotek

på arrangement gjekk naturleg nok ned sidan fleire arrangement vart avlyst.

### Leselystaksjonar

Biblioteka i Nord-Gudbrandsdalen har samarbeidd om leselystaksjonar for både ungar og vaksne i fleire år.

Vinterles går frå november til april og vart i 2020 avslutta mens biblioteket heldt stengt. Dette førte nok til at færre deltakarar leverte inn skjema. 53 deltakarar var med mot 74 året før. Hovudpremien gjekk til ein deltakar frå Skjåk.

Sommarles for ungar frå 1. til 7. klasse går føre seg i sommarferien. I 2020 fekk vi ikkje høve til å besøke skulane før oppstart.

Dette førte nok til lågare deltaking også her. 54 elevar deltok. Dei las til saman 584 bøker, totalt 84 276 sider.

### Tilsette og ressursar

Stillingsressursane på biblioteket er uendra frå 2019 til 2020. Skjåk kommune har også i 2020 kjøpt 50% biblioteksjefteneste frå Lom kommune.

### Satsing på barn og unge

Satsinga på barn og unge frå 2019 vart vidareført i 2020 i den grad det let seg gjera under pandemien. Dei tilsette samarbeidde med dei tilsette på biblioteket i Lom om formidling til alle skuleklassar i baa kommunar. Det vart ein intensiv periode med formidling i oktober og fyrste del av

november i 2020. Alle i personalet i dei to biblioteka deltok, og 19 formidlingsøktar vart gjennomførte. Skulane kom med svært positive attendemeldingar på opplegget, men for biblioteka var det litt i overkant. Størsteparten av førebuingane går føre seg på fritida til dei tilsette. Formidlinga gjekk over ein kort periode før Are slutta, og det vart noko hektisk og arbeidskrevjande. Vi har gode erfaringar med samarbeid om formidling mellom dei to biblioteka, men i fortsetjinga ser vi at vi ikkje kan tilby like mange formidlingsøktar til skulane. Vi er også folkebibliotek som skal drive formidling og yte gode tenester til folk i alle aldrar.



Illustrasjonsfoto: Unsplash

### Andre tenester

Felles Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er administrert av Sel kommune som vertskommune. Tenesta er felles for dei 6 kommunane i Norddalen. Dei er sakkunnig instans i barnehage og grunnskule. Dei vurderer elevane sine behov for særskilt tilrettelagt undervising. PPT leverer tilråding på omfang, innhald og organisering for dei elevane som elles ikkje vil å få eit likeverdig utbytte av undervisinga.

Nokre elevar/barn i skule og barnehage har eit stort og samansett behov for tilrettelegging. Hjelpa til desse kan bli organisert av «spes.ped.-teamet». Dette er samansett av spesialpedagogar, assistentar og fagarbeidarar som har spesiell kompetanse for å hjelpe elevane/borna med deira utfordringar. «Spes.ped.-teamet» samarbeider tett med avlasting for barn og unge.

Fleire av desse elevane har og oppfølging frå Habiliteringstenesta.

Kommunen sel tenester til fylkeskommunen knytte til elevar i vidaregåande skule med behov for særleg tilrettelegging.

Servicetorg og arkiv er knutepunktet i Skjåk kommune. I tillegg administrerer dei mellom anna kommunale innkjøp, utleige av kommunale bygningar samt møtebehandling for politiske råd og utval.

IT-avdelinga er ei fellesteneste med Lom der Skjåk er vertskommune. Kommunen er og med i det regionale samarbeidet gjennom Regiondata.

Ungdomsklubben og Ungdomsrådet blir fylgt opp og administrert frå oppvekst og utdanning.

Ungdomsklubben har ikkje vore open i 2020.

Ungdomsrådet har hatt 3 møte hausten 2020. Våren 2020 vart det ikkje gjennomført møte i Ungdomsrådet.


### Sjuefråvær oppvekst og utdanning

2017	2018	2019	2020
5,5 %	3,8 %	6,4 %	8,2%

Tenesteområda har endra seg mykje slik at tala av den grunn ikkje er samanliknbare.

## 07

# Tenesteområde helse og omsorg



Helse og omsorg er organisert i 6 område. Skjåk kommune yter ein del av helse- og omsorgstenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane.

### Økonomi

Skjåk kommune har aukande driftsutgifter til helse og omsorg per innbyggjar. Ved å samanlikne tala med KOSTRA-gruppe 2 blir det synleg at tenestene har eit høgare kostnadsnivå. Dette er samanliknbare kommunar i demografi og inntekter/kostnader. Kommunedirektøren meiner at det er behov for å gjere ei dreining av tenestene frå institusjonsbaserte tenester til heimebaserte tenester. Dette vil gjeva handlingsrom til å gjeva meir helsetenester til fleire med like god eller betre kvalitet.

Skjåk kommune har ein dekningsgrad på 18,5% av andel innbyggjarar over 80 år som treng sjukeheims plass. Til samanlikning ligg KOSTRA-gruppe 2 på 12,6%. Det er 14 omsorgsleilegheiter på Skjåkheimen, der heimesjukepleia kan yte avanserte helse- og omsorgstenester i heimane.

Helse- og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen, og har ei totalramme på kr 67 888 000 kroner i 2020, som er fordelt slik:

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik	Rekneskap 2019
Helse og omsorg	3 376 948	2 863 000	513 948	2 208 037
Pleie og omsorg institusjon	20 379 986	22 385 000	-2 005 014	23 126 573
Pleie og omsorg heimetenester	26 142 016	25 713 000	429 016	29 032 462
Helsetasjon	2 491 722	2 402 000	89 722	2 596 945
Nav	2 125 960	2 229 000	-103 040	2 578 480
Barnevern	2 406 986	2 679 000	-272 014	2 194 514
Helsetenester	10 965 002	8 561 000	2 404 002	7 022 045
<b>TOTAL</b>	<b>67 888 620</b>	<b>66 832 000</b>	<b>1 056 620</b>	<b>68 759 056</b>

### Netto driftsutgifter til helse og omsorg, kroner per innbyggjar

Skjåk 2018	Skjåk 2019	KOSTRA-gr 2	Landet utan Oslo
40 992	42 901	37 041	28 772

### Andel netto driftsutgifter til helse og omsorg fordelt på følgande område, i prosent

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	KOSTRA-gr 2	Landet utan Oslo
Andel omsorgstenester	36,8	38,9	34,9	32,4
Andel kommunehelsetenesta	6,5	8,0	5,7	5,0

Dette gjev handlingsrom til å yte helse- og omsorgstenester til heimebuande pasientar.

Framtidas eldre har eit heilt anna forhold til kva tenester dei ønskjer, og dei ønskjer å få tenestene sine i heimen. Det er avgjerande for Skjåk kommune å leggje til grunn for korleis vi byggjer opp tenester i heimane til våre innbyggjarar.

### Helse og omsorg

Overforbruket på om lag 500 000 kroner skuldast m.a. auka kostnader til kjøp av intermediære sengeplassar på NGLMS. Dette kjøpet var heilt nødvendig fordi desse pasientane hadde behov for kompetanse og tilgang på andre tenester som Skjåk kommune ikkje har.

### Lom og Skjåk tildelingskontor (TD)

Tildelingskontoret er plassert organisatorisk under kommunalsjef for helse og omsorg. TD har mellom anna som oppgåver:

- å fatte vedtak ut i frå Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- gje rettleiing til innbyggjarane/tenesteytarane i høve saksbehandling
- vere koordinerande eining i høve til pasientflyt
- oppfølging av ansvar med Individuell plan/ansvarsgrupper
- saksbehandle søknadar om parkeringsbevis/ledsagerbevis
- lage vedtak om eigenbetaling ved institusjon

TD har mynde til å avtale korttidsopphald ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter, Otta (NGLMS), og oppfølging av opphald der. TD har teke i vare rolla som sikkerheitsleiar i Skjåk kommune (GDPR) og er superbrukar av kvalitetssystemet Compilo.

I 2020 har kontoret vore bemanna med avdelingsleiar i 100% stilling, saksbehandlar i vikariat i 100% stilling og saksbehandlar i 50% stilling. I tillegg har deler av tenestene ved kontoret vore frikjøpt slik at kompetansen har vore delvis nytta som prosjektleiar for innovasjonsprosjektet i bufellesskapet i Skjåk. Det har vore lagt opp til ei innsparing i tildelingskontoret som ikkje har vore mogleg.

### Pleie- og omsorgstenestene

Pleie- og omsorgstenestene er dei to største tenestene i kommunen og består av institusjonstenester og heimebaserte tenester. Institusjon har kjøkendrifta, dagtilbod, langtidsopphald og korttidsopphald som blir gjevne som avlastning, rehabilitering eller behandlingsoffhald. Heimetenester er heimesjukepleie, praktisk bistand, avlastning, personleg assistanse/ BPA, dagsenter, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistent, omsorgsstønad, kvardagsrehabilitering og omsorgsstønad.

### Sjukeheimen

Sjukeheimsplassar, og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå, er lokalisert under same tak på Skjåkheimen. Det har vore tydeleg over fleire år at omsorgsbustadane har redusert behovet for sjukeheimsplassar. Denne framsynte organiseringa gjev oss eit ekstra verktøy i omsorgstrappa, og gjer at Skjåk kommune har eit fortrinn i å vri tenestetilbodet frå institusjon til heimebaserte tenester. I 2021 gjer vi grep på institusjon som aukar fokuset på heimebaserte tenester.

Det er lagt ein plan for at institusjon og heimesjukepleie skal arbeide tettare saman, og eit resultat av planlegginga hittil er eit samarbeid om demensomsorga.

### Skjåkheimen

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	KOSTRA-gr 2	Landet utan Oslo
Andel innbyggjarar 80+ m sjukeheimsplass (%)	16,9	18,5	12,6	11,9
Andel brukartilpassa einarom m eget bad/wc (%)	100	100	92,1	91,0
Utgifter pr. opphaldsdøgn institusjon (kr)	4 122	3 658	3 852	3 842
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim *)	0,4	0,34	0,5	0,56
Andel private institusjonsplassar	0,0	0,0	1,1	5,0

\*) Talet er ikkje inkludert legetimar på IM- og KAD-senger på NGLMS.

Dagtilbodet for heimebuande med demens blir vidareutvikla. I tillegg vil dei i fellesskap utvikle vidare demensomsorga i kommunen som gjeld til dømes kartlegging og oppfølging.

Presset på sjukeheimsplassar er redusert som følgje av at terskelen for å få plass er blitt høgare. Dette er heilt i tråd med den nasjonale eldrereforma St.m.15 «Leve hele livet» Skjåk kommune har seld sjukeheimsplassar til Sel kommune og Vågå kommune, men ventar ikkje at det kan gjerast i det vidare. Som eit resultat av eit underbelegg og at sektoren skal dreie tenestene, planlegg vi å redusere talet sjukeheimsplassar i løpet av 2021 til 24 plassar.

Institusjon har over fleire år justert bemanninga og i 2020 vart det gjort eit stort arbeid med å sørgje for mindreforbruk på institusjonen. Institusjonen har eit svært godt omdømme i regionen, som ein god plass å vere. Dette speglar seg i dei gode attendemeldingane institusjonen får frå t.d. pasientar frå andre kommunar. Skjåkheimen har opplevd å få fagleg anerkjening ved at dei yter avansert sjukepleie i form av t.d. blodoverføring. Institusjonen har formidla sine arbeidsmetodar og rutinar til større byer og andre kommunar for å

Skjåk kommune har ein dekningsgrad på 18,5% av andel innbyggjarar over 80 år som treng sjukeheimsplass. Til samanlikning ligg KOSTRA-gruppe 2 på 12,6%. I tillegg har vi 14 omsorgsleilegheiter, der heimesjukepleia kan yte avanserte helse- og omsorgstenester i heimane. Dette gjev oss eit handlingsrom til å yte helse- og omsorgstenester til våre heimebuande. Framtidas eldre har eit heilt anna forhold til kva tenester dei ønskjer, og dei ønskjer å få tenestene sine i heimen. Det er avgjerande for Skjåk kommune å leggje til grunn for korleis vi byggjer opp tenester i heimane til våre innbyggjarar.



Foto: Skjåkheimen

synleggjere at det er mogleg å yte avansert sjukepleie i små kommunar. Det er eit stort fokus på at vi skal sikre fagleg gode og trygge tenester for våre innbyggjarar. Ved å sørge for at vi kan utøve avansert sjukepleiefaglege rutinar sørger vi for at Skjåk kommune arbeider for å ha ein større del av behandling og helsetenester i kommunen. Kommunedirektøren ønskjer at befolkninga skal oppleve å få mest mogleg av det dei treng i sin eigen kommune innan helsetenester.

### Heimetenester og personleg assistanse/avlasting

Heimetenestene har eit meirforbruk på om lag 430.000 kroner. Utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester har vore store også i 2020 pga. at vi har fleire brukarar med omfattande vedtak. Auka behov for assistentar i skuletida har også bidrege til meirforbruket innan avlastningstenester. Ein utstrekt bruk av vikarar innan pleie og omsorg har resultert i at fleire av vikarane har reist krav om fast tilsetjing etter 1-, 3- og 4 årsregelen, noko dei har krav på med heimel i lovverket.

Det har vore stort press på heimesjukepleia i delar av året med krevjande behandling av svært sjuke heimebuande, noko som har medført ekstra kostnader knytt til overtid og bruk av ekstrahjelp.

Kommunedirektøren har sett i verk ulike tiltak

gjennom året for å minske meirforbruket, bl.a. gjennom å redusere grunnbemanninga på helg. Grunnbemanninga blir ytterlegare redusert i 2020 ved innføring av ny turnus. Dette gjeld både for heimesjukepleia og Bismotunet bufellesskap. Skjåk kommune har avtale med Vågå kommune om sal av avlastningsplass i Bismotunet til mindreårige.

Det er ein synkende tendens i bruken av heimetenester blant dei over 80 år, mens det er ein aukande tendens hjå brukarar frå 0–66 år. Dette underbyggjer at vi må i større grad dreie tenestene våre slik at eldre brukarar blir ein større del av mottakarar av heimebasert omsorg. Det synleggjer og at det er eit aukande behov for tenester hjå våre mindreårige bebuarar. Mykje av bistanden i personleg assistanse og avlasting er svært ressurskrevjande, og det er behov for høg grad av personaltettleik for å sikre fagleg forsvarlege og trygge tenester til denne brukargruppa.

Utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester har vore store i 2020 grunna at vi har fleire og nye brukarar med omfattande vedtak. Dette får vi noko refusjon for, men med ein eigenandel pr. brukar på 1.430.000 kroner er det likevel mykje utgifter som skal dekkast når det er fleire brukarar. Auka behov for assistentar i skuletida har bidrege til meirforbruket innan avlastningstenester.

### Heimetenester

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	KOSTRA gr 2	Landet utan Oslo
Andel innbyggjarar over 80 som brukar heimetenester	38,7	35,1	35,0	30,3
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	39,7	44,6	42,4	47,9

Vi har seld ergoterapitenester til Lom halve året, fram til vår ergoterapeut slutta. I etterkant har vi spart inn kostnaden med ergoterapeut i påvente av utgreiinga av felles ergoterapi- og fysioterapiteneste med Lom kommune. Mellombels har vi dekkja naudsynt behov med eigne tilsette og i samarbeid med Lom kommune. Det vart vedteke i kommunestyret 17. desember 2020 at det skulle bli felles teneste frå 1. mars 2021.

Dei tilsette ved Lom og Skjåk fysioterapi og ergoterapiteneste frå 1. mars 2021. Tenesta har tilsett ytterlegare ein ergoterapeut slik at det er ein ergoterapeut i kvar kommune.



Foto: Sigrun Eide

## Helsetenester

Helsetenester består av legeteneste, fysioterapi, psykisk helse, helsestasjon og jordmortenester.

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	KOSTRA gr 2	Landet utan Oslo
Legeårsverk				
pr. 10 000 innbyggjarar	18,1	18,7	14,0	11,5
Fysioterapiårsverk				
pr. 10 000 innbyggjarar	13,6	11,4	11,2	9,7
Årsverk helsestasjon				
pr. 10 000 innbyggjarar 0-66 år	112,2	92,5	50,4	44,1

### Legetenesta

Det har vore ei stabil og god legeteneste over lengre tid, og Skjåk kommune har lukkast i å oppretthalde alle dei tre legehjemlane. Skjåk kommune ligg høgare enn KOSTRA-gruppe 2 i forhold til dekning av legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar. I 2020 vart det uventa fråvær, som har medført behov for legevikar i ei periode. Det er ikkje grunn til å tru at det blir vedvarande, men det vil prege deler av 2021. Det har vore turnuskandidatar knytt til tenesta, og i tillegg ein praksisstudent (lege). Dette har vore verdifulle og dyktige medarbeidarar, som har tilført kontoret kompetanse. Kommuneoverlegen har hatt ein formidabel oppgåve i å følgje opp tiltak i høve covid-19.

Kreftkoordinator i Skjåk kommune varetek kreftpasientar som har behov for oppfølging og behandling, og har fast kontordag på legekantoret. Sjukepleiaren har kompetanse som kreftsjukepleiar og 20 % av stillinga er nytta som kreftkoordinator i kommunen.

Det er eit totalt meirforbruk på over 2.400.000 kroner i budsjettet for helsete-

nester. Hovudsakleg er auka i meirutgifter grunna kjøp av private tenester i psykisk helseteneste, og kjøp av legetenester på legekantoret.

### Fysioterapitenesta

Det er 2,5 kommunale fysioterapiheimlar. Kapasiteten på fysioterapeutar ligg på snittet for KOSTRA-gruppe 2. Dei tilsette har brei og god fagleg kompetanse som ein kan få utnytta betre gjennom utvida samarbeid. Etter politisk vedtak har det vore arbeidd med å utarbeide ein felles teneste i Lom kommune og Skjåk kommune for fysioterapi og ergoterapi.

### Helsestasjon

Skjåk kommune jobbar målretta mot førebygging av psykiske og fysiske lidningar blant barn og unge, og har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpe-tiltak så snart som råd – tidleg innsats. Det er viktig at helsesjukepleiarane opprettheld si kompetanse for å arbeide førebyggjande blant foreldre og barn. Dette gjeld særleg

foreldrerettleggingsprogram som TIBIR, men og Cos-P og PMTO (foreldrerettleggingsprogram). Helsestasjonen har satsa på å innføre ein digital skulehelseteneste i godt samarbeid med oppvekst. Dette har vore ein suksess. Helsestasjonen arbeider aktivt på skulen i lag med Røde Kors – hunden Pluto, som er verdifull som ein kommunikator mellom elev og helsesjukepleiar.

Helsestasjonen har dei siste åra fått tildelt betydelege statlege tilskott for å styrke barn og unge si psykiske helse ved å jobbe førebyggjande. Kommunen fekk øyremerka midlar som finansierer delar av stillinga som miljøterapeut. For å styrke både tiltak- og det førebyggjande arbeidet innan barnevernet, er det eit samarbeid med barnevernstenesta der deler av stillinga til miljøterapeuten blir brukt til barnevernstiltak i og utanfor heimen i Lom kommune og Skjåk kommune. Det er politisk vedtak om at det skal greiast ut felles teneste for helsestasjonane i Lom og Skjåk. Dette arbeidet har blitt utsett, og vil bli påbegynt i byrjinga av 2021. Det vil bli vurdert eit samarbeid med Lom om kommunale jordmortenester, som og skal sjåast i samband med den regionale jordmorkvaka.

### Arbeid med samlokalisering av lokale tiltak mot rus og kriminalitet (SLT)

SLT-arbeidet er lagt til helsestasjonen. Der blir det arbeidd aktivt med å etablere eit grunnlag for eit planverk og struktur. Det er mellom anna viktig å arbeide med forankring på systemnivå for å sikre at vi har ein trygg struktur som kan sikre våre innbyggjarar på best mogleg måte. Kommunedirektøren ønskjer å ha ein koordinator som kan arbeide aktivt med dette og ser verdien i å ha denne rolla plassert i helsestasjonen.

### Førebyggjande helsearbeid

I 2018 etablerte Skjåk ei prosjektleiarstilling for førebyggjande helsearbeid innan helse og meistring, og har fått statlege tilskott opp mot 1 million kroner til ulike prosjekt. Skjåk fekk mellom anna tilskott for å etablere frisklivstenester i samarbeid med Lom kommune. Dette for å rette fokus på meir førebyggjande helsearbeid, og tanken er at ein skal jobbe aktivt førebyggjande. Prosjektet har ikkje vore i drift i delar av 2020 grunna covid-19 og permisjon, men arbeidet vil takast opp att i 2021.

### Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) var tidlegare organisert under heimebaserte tenester. Samhandlingsreforma for rus og psykiatri stiller store krav til den enkelte kommune, og når døgninstitusjonar blir lagt ned, tyder det ytterlegare press på tenestene i kvar kommune.

I 2020 oppstod eit behov for kjøp av private tenester til ein brukar. Innslagspunktet for å få dekkja kostnader ved ressurskrevjande brukarar blir høgare enn dagens nivå. Skjåk kommune har foreløpig ikkje kompetanse eller kapasitet til å organisere denne tenesta sjølv, og må difor kjøpe tenesta av ein privat aktør.



## NAV

Dei overordna føringane for NAV i 2020 var som i 2019, *Fleire i arbeid, Betre brukarmøter og Auka kompetanse*:

- Arbeid med inkludering av utsette grupper på arbeidsmarknaden, som unge, flyktningar og dei med nedsett arbeidsevne.
- Målretta samhandling og kompetansebygging for å tilby betre tenester til arbeidsgjevarar.
- Bidra til betre brukaropplevingar.
- Bidra til auka kompetanse.
- Situasjonen på arbeidsmarknaden i Skjåk kommune har vore stabilt siste åra.

NAV Lom og Skjåk søkte Statsforvaltaren og fekk prosjektmidlar til «Utvikling av sosiale tenester i NAV-kontor». Prosjektet fekk namnet Levele. Målsettinga for prosjektet er:

- Vidareutvikle tilbodet om økonomisk råd og rettleiing til privatpersonar i Lom og Skjåk
- Utvikle metodar og materiell for NAV og dei kommunale tenestene
- Overføringsverdi til andre

Prosjektet omhandlar at personlege økonomiske problem er meir enn ei privatsak. Det kan ha store konsekvensar for familie, arbeidsgjevar, lokalt næringsliv, offentlege tenester og kommuneøkonomi, - stutt sagt heile samfunnet. Prosjektet vil undersøkje meir at problem med privat økonomi er skam- og tabubelagt og ser det som nødvendig å vri fokus frå reparasjon til førebygging. Prosjektet ønskjer å skape engasjement rundt temaet gjennom informasjon, kommunikasjon og samarbeid, og bruke verktøy som allereie er utvikla.

Illustrasjonsfoto: Unsplash



## Indikatorar sosialtenester:

	Skjåk 2018	Skjåk 2019
Sosialhjelpsmottakarar (antal)	35	30
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år (antal)	7	3
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kilde til livsopphald (antal)	9	14
Antal barn i familiar som mottok sosialhjelp (antal)	28	16

Leiarstillinga i NAV har vore ei statleg stilling, men dette blir endra frå og med 1. januar 2021 til kommunal stilling. Totalt mindreforbruk i NAV utgjer om lag 100 000 kroner.

Det målretta arbeidet med å redusere utbetalingar til sosialhjelp og bustøtte har bidrege til store reduksjonar dei siste åra, og det er difor urealistisk å tru at dette kan reduserast ytterlegare i 2021. NAV ser at det er meir komplekse saker nå enn tidlegare, og det er oftare i kombinasjon med gjeld. NAV blir stadig meir digitalisert, men det blir lagt vekt på at den oppskjande verksemda ut mot bedrifter og brukarar skal oppretthaldast og aukast i åra framover.

Talet på sosialhjelpsmottakarar er synkande, særskilt for mottakarar mellom 18 og 24 år. Det er ei auke av sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald, og tal barn i familiar som mottok sosialhjelp.

## Barnevern

Den interkommunale barneverntenesta i Sel, Vågå, Lom og Skjåk har vore i drift i halvanna år. Det er ein relativt stor auke i tal meldingar frå 2019 til 2020 og fleire av barna og familiar fekk hjelp i heimen i 2020 enn i 2019. Ved årsslutt viser tala at den interkommunale barneverntenesta har eit mindreforbruk på kr 270 000. Det er positivt at det er ei auke i meldingar. Det tolkar tenesta som at det er lågare terskel for å bruke barnevernet som rettleiarar.

Den nye barnevernreforma vil gje den kommunale barneverntenesta fleire og meir krevjande oppgåver og ansvar. For å møte dei nye krava, blei barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune og med kontorstad på Otta i 2019. Det blir særst viktig at ein i 2021 arbeider fram gode samhandlingsrutinar mellom tenestene, slik at ein er rusta for barnevernsreforma som trer i kraft i 2022.

Reforma krev meir av kommunane, som ikkje gjeld berre barneverntenesta, men også det øvrige hjelpeapparatet. (t.d. ein kommunal plan for tidleg innsats).

Det har vore gjort strukturelle endringar, slik at ei stilling som sakshandsamar er gjort om til ei stilling som familierettleiar. Denne er inne og arbeidar terapeutisk i familiar. Slike endringar er i tråd med barnevernreforma om at vi skal ha fleire og meir differensierte tiltak å tilby foreldre og born.

Ein ser at behovet for tiltak i og utanfor heimen er høgare enn det har vore tidlegare for å unngå fosterheimsplasseringar. Det er ikkje lagt opp til auke i budsjettet for Skjåk sin del for felles barnevernsteneste. Frå 1.1.2019 har kommunen plikt til å ha ein akuttberedskap i barnevern, og det er etablert ei regionalt vaktordning for heile Nord-Gudbrandsdalen etter kommunelova § 28 med Sel kommune som vertskommune.

### Barnevern hovudtal

	2019	2020
Meldingar i alt	25	37
Starta undersøkingar i alt	20	22
Avslutta undersøkingar i alt	18	18
Barn med berre hjelpetiltak	10	17
Barn med omsorgstiltak	3	2
Tiltak til barn som ikkje er plassert (f251)	8	15
Tiltak til barn som er plassert (f252)	5	4
Barn med berre hjelpetiltak per 31.12.	6	9
Barn med omsorgstiltak per 31.12.	2	2
Tiltak til barn som ikkje er plassert (f251) per 31.12.	5	8
Tiltak til barn som er plassert (f252) per 31.12.	3	3



Illustrasjonsfoto: Unsplash

## Pandemien covid-19 og helse og omsorg

Pandemien forårsaka av covid-19 vart oppfatta som kaotisk for mange i byrjinga. Heldigvis opplevde vi raskt at dette ordna seg når vi fekk meir oversikt over situasjonen. Gjennom året har det vore svært godt samarbeid mellom tenestene. Institusjon trekker særleg fram innsatsen til kommuneoverlegen som eit suksesskriterie. Han gav klare svar som gav trygge medarbeidarar. Det gjorde leiarane trygge på kva dei skulle gjere, og slik kunne sleppe å konferere med kommuneoverlegen om alle punkt. Tenestene opplever å ha lært utruleg mykje gjennom dette året, som har gjeve oss kunnskap som vi kan ha nytte av framover. Tenestene opplever nå å ha ei ny forståing av omgrep som t.d. nærkontakt og karantene. Dette gjev oss ei auka bevisstheit og forståing av noko som har vore ukjent og lite relevant.

I institusjon vart det i periodar stengt for besøkande, og dette gav mindre sosial omgang for bebruarane. Institusjonen la til rette for gode aktivitetar for bebruarane, og dette konseptet har blitt vidareført og søkt om midlar til for å motverke einsemd. Skjåk kommune har opplevd manglar på smittevernustyr, men dette har ikkje medført uforsvarlege situasjonar. Heimetenesta har innført gode rutinar for å hindre spreiding av smitte og har heile tida sørgja for at tenestene er forsvarlege og på eit godt nivå. Barnevernet har i motsetnad til resten av landet opplevd ei auke henvendingar i byrjinga av pandemien, som flata ut litt mot slutten av året.

Ingen av tenestene har hatt smitta tilsette eller smitta bebuarar. Legekontoret har fulgt opp dei 4 personane som har hatt koronasmitte i Skjåk, og takka vere at dei smitta har fulgt karantenebestemmingane har dette ikkje medført noko ytterlegare smitteutbrot. Hittil har Skjåk vore forskåna frå ei større smittebølgje. Helse sentret har innarbeidd ein god struktur på fast koronatesting alle kvardagar, og i periodar i helger/ fridagar. Det har vore stort trykk på legetenesta i forhold til oppgåver som må løysast av staben der. Helsestasjonen koordinerte koronatelefonen og oppfølginga der dei fyrste månadane. Kommunedirektøren vil særleg trekke fram den digitale helsestasjonen som sørga for at elevane hadde skulehelseteneste på sine digitale verktoy på heimeskulen. Denne vart populær, og er mykje brukt.

NAV har i stor grad praktisert at dei har hatt heimekontor og dei fleste møter har vore digitale om det har vore mogleg. Dei har vore på tilbodsida med omsyn til publikumskontakt, og hatt tilbod om at dei t.d. kan ringast på leiars telefon eller kontakte NAV for møte på kontoret. Prosjektet «Levele» har hatt ein rolegare periode i 2020 fordi det har ikkje har vore mogleg i like stor grad å samhandle med aktuelle aktørar.

Mot slutten av 2020 har biletet endra seg litt, men framleis lever vi i ein slags unntakstilstand der handsprit og kohortar er ein del av kvardagen. Det merkast at det har føregått lenge, men det er ein optimisme for at det nå blir utvikla ein vaksine mot covid-19 som kan gjere at jarngrepet om samfunnet vårt snart kan sleppast opp.



Illustrasjonsfoto: Unsplash

### Sjukefråvær i helse og omsorg

Kommunalsjefområdet sitt samla sjukefråvær var på 12,5 % i 2020. I 2019 var sjukefråværet på 6,80 %, dvs. ei auke på 5,7%. Dette er ei enorm auke, og når vi går inn i tala ser vi at det dreier seg nesten berre om langtidssjukemeldingar som har vore utfordrande å førebyggje. I tillegg har det vore vanskeleg å arbeide med sjukefråversoppfølging i 2020 grunna pandemiltak som har gjort møteverksemd mindre tilgjengeleg. Den manglande direktekontakten mellom leiar og tilsett har stor innverknad på korleis ei slik oppfølging blir vidare. Det er likevel klart at ein stor del av desse sjukemeldingane har hatt årsaker som ikkje har vore mogleg å påverke for arbeidsgjevar.

### Sjukefråvær

2017	2018	2019	2020
6,60 %	7,90 %	6,80 %	12,5%

## 08

# Tenesteområde miljø- og samfunnsutvikling



## Økonomi

Året 2020 vart også for Miljø- og samfunnsutvikling mykje prega av Covid19. Økonomisk har alle tenesteområda innan ansvar 400–450 eit mindreforbruk i 2020 i forhold til budsjettet.

Ein vesentleg del av mindreforbruket har samanheng med reduserte pensjonskostnader.

Andre element er: Felleskontoret for Plan, byggesak og miljø hadde ei vakant stilling. Skjåk kommune selde timar til Lom kommune innan natur- og kraftforvaltning. Og eit par område hadde reduserte lønnskostnader i forhold til budsjett.

Andre stikkord er, mindre renteutgifter enn kalkulert, reduserte straum- og driftskostnader grunna lågare aktivitet i idrettsanlegget. Generelt lite reise/møte/kurs verksemd grunna Covid19. Nokre aktivitetar vart ikkje gjennomførte. Gjennom heile året har det vore fokus på kostnader.

## Covid19

Frå Covid-19 kom i slutten av februar og fram til no, har epidemien i vesentleg grad påverka arbeidet i kommunen.

Området Miljø- og samfunnsutvikling har tidvis nytta heimekontor og storparten av møta er haldne digitalt.

Beredskapskoordineringsarbeidet har tidvis vore tidkrevjande. Det har vore sett stab, med fleire stabsmøte i veka. I tillegg er det ein omfattande dialog med Statsforvaltaren i form av digitale møte, hyppige attendemeldingsrapportar, og eit arbeid med å koordinere arbeidet mellom sektorane i kommunen.

Den tekniske drifta har vorte løyst innanfor ordinære rammer med unntak for på reinhald der det har vore leigd inn noko ekstra personell grunna forsterka krav om reinhald under Covid19-pandemien.

Både nærings- og landbrukssjef har brukt mykje tid på å følgje opp lokalt næringsliv i denne perioden.

Innan næringslivet er det reiselivsbedriftene som har vore sterkast råka. Nedstenginga i mars og april gjekk hardt utover reiselivsbransjen som mellom anna mista påsketraffikken. Ein svært god sommarsesong retta opp noko av totalbiletet.

Økonomi	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik	Rekneskap 2019
KULTUR	0	0	0	1 456 232
PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP	0	0	0	4 907 069
MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	5 700 671	7 249 000	-1 548 329	0
KULTUR	1 385 891	1 437 000	-51 109	0
TEKNISK VAR	4 441 100	5 066 000	-624 900	4 066 628
TEKNISK DRIFT	23 149 883	24 682 000	-1 532 117	23 027 027
LANDBRUK OG NÆRING	166 775	186 000	-19 225	152 576
<b>TOTALT</b>	<b>34 844 320</b>	<b>38 620 000</b>	<b>-3 775 680</b>	<b>33 609 532</b>

Industrien, landbruket og byggebransjen ser ut til å ha greidd seg godt. For landbruket har Covid19 til dels vore positiv. Det har vorte større bevisstheit kring produksjon av norske råvarer og mindre grensehandel.

Pandemien har ikkje ført til nokon nedgang i byggesaker handsama av kommunen, og byggevareforhandlarane melder om svært godt sal i 2020.

### Strategiarbeid

Kommunestyret vedtok oppstart av arbeid med Næringsstrategi i møtet 24.09.2020. I vedtaket er det følgjande føringar for arbeidet med strategien:

1. Eit breitt medborgarskap skal utvikle eit forslag til næringsstrategi som skal vere hovuddokumentasjon og grunnlag for politisk avgjersle. Strategien skal gje grunnlag for å sikre best mogelege avgjersler for næringsutvikling med konsekvensar for auke i folketalet i åra framover.
2. Strategiarbeidet skal skje innan rammene av vedtekne utfordringar og mål i kommuneplanen 2017-2028 sin samfunnsdel.
3. Strategiarbeidet skal utvikle forslag til mål og strategiske tiltak som bidreg til eit framtidsretta, heilskapleg og robust næringsliv i lokal, regional, nasjonal og globalt perspektiv.
4. Arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv, for åra 2021-2028.
5. Arbeidet med strategien skal involvere næringslivet i Skjåk.
6. Strategien skal arbeide innanfor rammene av berekraft, miljøavtrykk og grønare framtid.

Arbeidsgruppa er sett saman av resursar innan Næring, utvikling og kultur, og vert leia av Næringsjef Marianne Stensgård.

Kick-off arbeidet med næringsstrategien.

Foto: Elling Starrem



Saka om oppstart av arbeidet med Omdømmestrategi vart vedteken i kommunestyret 29.10.2020. I vedtaket ligg følgjande føringar for arbeidet:

1. Det skal utarbeidast eit forslag til omdømmestrategi som skal vere hovuddokumentasjon og grunnlaget for all kommunikasjon-, informasjon- og omdømmearbeid i Skjåk kommune. Strategien skal gje grunnlag for å sikre best mogelege avgjersler for omdømmebygging som påverkar alle interessentar (innbyggjarar, næringsliv, samarbeidspartar, leverandørar, offentlege styresmakter, besøkande, osv.)
1. Strategiarbeidet skal utvikle forslag til mål og strategiske tiltak som bidreg til eit framtidsretta og heilskapleg (intern, ekstern og omdømmebyggjande) kommunikasjon frå kommunen.
1. Arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv for åra 2021–2028.
1. Strategien skal arbeide innanfor rammene av berekraft, miljøavtrykk og grønare framtid.

Arbeidsgruppa er sett saman av resursar frå Oppvekst og Utdanning og Miljø og samfunnsutvikling. Tea Karoline Mork er tilsett som prosjektleiar.

Arbeidet med dei to strategiane er omfattande med forventning om at resultatet skal legge positive føringar for utviklinga i Skjåk i lang tid framover.

Statsministeren inviterte utvalde representantar frå norddalantil reiselivsmøte på Snøheim, etter sesongen 2020.



kome seg over første kneika. Attendemeldingane har vore svært positive, det var både økonomisk og moralsk viktig.

Sidan vart det løyvd ekstraordinært næringsfond frå staten. Skjåk fekk her tildelt vel 1,5 mill. kroner som vart fordelt på 13 bedrifter. Mykje tid har gått med til å følge opp bedriftene som er særleg hardt ramma av Covid19-pandemien.

1. september inviterte Statsministeren til eit møte der ho ønska attendemelding på korleis pandemien hadde påverka reiselivet i Norddalen. Næringskontoret var representert her. Møtet gjekk føre seg på Snøheim på Hjerkin.

Sommarjobbprosjektet er eit prosjekt og ei løyving som kommunen har gjort kvart år sidan i 2003. Dette er eit prosjekt som skal motivere bedrifter til å tilsette ungdom mellom 14 og 18 år i sommararbeid. I 2020 var det 14 bedrifter og 33 ungdomar som deltok i sommarjobbprosjektet.

Dei årvisse sesongarrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk vart i 2020 avlyst grunna Covid19.

Skjåk Treningscenter er drive av kommunen. Dette har vore krevjande i samband med Covid19-pandemien og senteret har dessverre vore mykje stengt eller hatt grensar for kor mange som kan trene samstundes. Under normale tilhøve er dette eit populært tilbod både for bygdefolk og for folk frå nabobygdene. Det vert jobba med ei ny organisering av drifta.

Arbeid med både nærings- og omdømme-strategi for Skjåk er starta. Covid19 har vanskeleggjort arbeidet. Det var planlagt ein studietur til Åndalsnes, denne måtte avlysast og fysiske møter har vore uråd å få til. Det vart gjennomført eit fysisk opp-

## Landbruk og næring

### Næring

I Skjåk er næring og landbruk saman i ei avdeling. Vidare ligg både kultur og kommunikasjon/informasjon inne i dette tenesteområdet. Enkelte stillingar er delt mellom landbruk, kultur og næring. Samlokaliseringa fører til god fleksibilitet og ressursnyting.

### Næringsfondsaker

Skjåk kommune har eit høveleg stort næringsfond med årleg tilførsel av kapital frå konsesjonsavgifta knytt til område-konsesjonane kommunen har. I 2020 var tilførselen på 8,1 mill. kr.

Det har i alt vore løyvt 88 saker over næringsfondet, mot 33 i 2019. Den største løyvinga gjekk til Skjåk Industriutleigebygg som bygg ein ny hall til Interfil. Løyvinga var på maksimalgrensa for bagatellmessig støtte. To av løyvingane var etablerartilskott.

Då Covid19 slo inn for fullt, gjennomførte kommunen ei spørjeundersøking til næringslivet i Skjåk. På grunnlag av svara vart det løyvd midlar over næringsfondet til bedrifter som var særleg hard ramma i starten av pandemien. Det vart løyvd 600 000 kr, og i alt 25 bedrifter fekk støtte til å

Ny fjøsbygning.

startsmøte i Marlo Grendehus. Samfunns- vitar Karl-Fredrik Tangen var hyra inn som digital foredragshaldar. Foredraget sette fart i tankeprosessar hjå alle framømte.

Vidare har det vore arrangert frukostmøte saman med næringsssjefane i Lom og Vågå samt representantar frå NAV på Nina's Cafe.


Næringslivet i Skjåk er svært allsidig og spennande. Bedriftsportrettet er ein aktivitet for å kome ut på besøk i bedriftene og for å lyfte fram næringslivet i Skjåk. Dette er god marknadsføringa av bygda.

Skjak.no har vorte re-designa. Alt innhald, bilde og film er nytt. Sida har eksistert sidan i 2014 og er ein kanal til å marknadsføre Skjåk. Dei siste åra har det vore liten aktivitet på sida, no er det lagt ein plan for å halde aktiviteten oppe.

Kommunen bidreg med fyrstelinjeteneste til gründerar og bedrifter som skal utvide eller ruste opp driftsapparatet sitt. Dette gjeld både tilleggsnæringer i landbruket og for andre som skal ruste opp og investere. Det er godt samarbeid mellom lokalbank, Innovasjon Norge og kommunen.

### Landbruk

Frå 2018 har det vore felles landbrukskontor for Lom og Skjåk. Totalt er det ein stillingsheimel på 300% knytt til kontoret. Organiseringa har funne si form, der Skjåk er vertskommune. Ein tilsett har kontor i Lom. Det går mellom 80 og 90 millionar kroner i overføringar til landbruket gjennom kontoret.



### Driftsbygningar

I Skjåk har det vore bra fjøsbyggingsaktivitet, det gjeld både nybygg og ombygging av eksisterande fjøs. Det er fleire unge folk som satsar i landbruket. Det vart gjeve støtte til 4 driftsbygningar og 2 vatningsanlegg frå næringsfondet. I tillegg vart det sett i gang 3 større fjøsprosjekt med stønad frå Innovasjon Norge, 2 av desse er alt ferdige. Det er godt samarbeid mellom Innovasjon Norge, Sparebank 1 Lom og Skjåk og landbrukskontoret. Det har vore 17 lovsaker etter jord- og konsesjonsloven og 22 saker til landbruket over næringsfondet.

### Investeringar i landbruket


Prosjektet «Laus ku og framtidstru» går sin gang, det har vorte nokre aktivitetar i prosjektet som har vorte sett på vent grunna Covid19. Men dei som er i plan- og byggefasen av fjøs, har fått konsulenthjelp både i økonomiplanlegging og byggplanlegging.

Prosjektet går ut på å motivere folk til å fortsetta å satse på jordbruket med storfe og mjølk.

Det ser ut til å lykkast da vi for Skjåk, alt har sendt inn 9 søknader for 2021 for tradisjonelt landbruk. Det er i skrivande stund 50 gardbrukarar som har meldt seg på prosjektet. Prosjektet er eit samarbeid med Landbrukskontoret i Lom og Skjåk, Tine, NLR, Kluge Agri, Fylkesmannen, Bondelaget i Lom og Skjåk og Bonde og småbrukarlaget i Lom og Skjåk.

### Utmarksbeite

Det vart i 2020 sleppt 5 568 sauar/lam, (489 færre en i fjor) 585 geit, (40 meir en i fjor) og 1343 storfe, (259 færre enn i fjor) på utmarksbeite. I tap på utmarksbeite vart det 355 sau/lam (55 færre en i fjor), 0 geit og 0 storfe. Hovudtyngda av sauetapet skjedde i Reinheimen men det har auka på i Breheimen området også. Det var 4 jervynglingar innanfor Skjåk sine grenser i 2020, dette er bestandsmålet for heile Oppland. I tillegg var det yngling i Finndalen i Lom og i Erdal i Stryn.



Omar Lien

Foto: Eiling Starrem



Vinnar av Skjåkprisen  
Finn Sandum og  
Ordførar Edel Kveen.

Foto: Vigdis Kroken

### Skog

Skjåk har felles skogbrukssjef med Lom og Vågå. Vågå er vertskommune for denne tenesta.

Aktiviteten i skogane i Skjåk er bra. Det er avverka 9 600 m<sup>3</sup> tømmer i 2020. Av dette er 8 500 m<sup>3</sup> avverka i Skjåk Almenning. Det er sett ut 68 700 planter og utført ungsogpleie på 850 daa.

### Kultur

Kultur er ein del av tenesteområdet Landbruk og næring. Arbeidet er knytt til saks- handsaming for kultur innanfor det utvida kulturomgrepet.

Sentrale arbeidsoppgåver er søknader om kultur- og prosjektmidlar, spelemidlar, kul-

turminnevern, diverse sekretærfunksjonar, og arbeid med ulike prosjekt og arrangement.

Skjåk kommune deltek i 6-K kultur og 6-K idrett som er eit fora for samarbeid i Norddalen, der kultur, spaserstokk, idrett og spelemidlar er viktige tema.

2020 vart eit år prega av Covid19, der arrangement vart avlyst eller tilpassa smittevernreglane. 17. mai-feiringa kan nemnast spesielt, der komiteen planla og gjennomførte eit stort og godt program som vart strøyma i sin heilskap. Kulturkvelden vart avlyst, men Skjåk prisen vart utdelt under siste kommunestyremøtet i desember. Det vart gjennomført utandørs spaserstok-

konsert på Skjåkheimen etter gjeldande smittevernreglar.

### Kommunikasjon

Kommunikasjons- og informasjonskonsulenten er sentral i Skjåk kommune sitt eksterne og interne kommunikasjonsarbeid, og arbeider tett med kommuneleiinga og dei ulike tenesteområda.

Det viktigaste verktøyet og navet i kommunikasjonsarbeidet er kommunens nettside med daglege kunngjeringar, men også eit arbeid for vidareutvikling av nettsida med nye digitale og brukarvennlige funksjonar. Andre viktige arbeidsoppgåver er å gi råd til leiinga og andre tilsette ved kommunikasjonsfaglege spørsmål, formidling av

bodskap og å produsere innhald tilpassa alle dei ulike kanalane kommunen nyttar.

Som nemnt er kommunikasjons- og informasjonsarbeidet eit viktig verktøy for å nå ut til alle målgruppene, og dette har spesielt vore eit prioritert arbeid gjennom heile pandemien. Offentleg informasjon, anten det er av lokal eller nasjonal opphav skal vere tilgjengeleg for alle innbyggjarar når det skjer, og også ofte helst i forkant av ei uønskt hending. Difor nyttar kommunen fleire informasjonskanalar. For å kunne lage og formidle eit media-bodskap som gir ønska resultat, må ein vite kven ein vil nå, kva ein vil oppnå, kven som er målgruppa, og kva som er målet med sjølve bodskapen. Då må ein tenkje nøye igjennom kva ein skal seie og kven ein ønskjer å vende seg til.

Kommunen har mellom anna utarbeidd informasjon retta mot næringslivet i samband med koronautbrotet. Gjennom informasjonsarbeidet fekk vi innspel og konkrete tilbakemeldingar frå næringslivet. Til dømes vart det etter ynskje frå næringslivet laga eigne informasjonskampanjar med påminning om å støtte lokalt næringsliv i ei tid kor mange måtte stenge ned verksemda si. Alt for å avgrense skadeverknadene som følgje av Covid19.

Det har vore mykje jobb og utfordrande planlegging av alt informasjonsarbeid etter utbrotet av Covid19. Dette arbeidet er framleis pågåande og vil krevje mykje informasjon også i tida som kjem.

### Tekniske tenester

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleing, drift og vedlikehold av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avløpsanlegg og drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

Driftsoperatørane på VA har ansvar for drift og vedlikehold av kommunale vatn- og avløpsanlegg og drift av avløpsanlegget til TINE meieriet Lom & Skjåk. Det er totalt 5 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehold av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehold av vegar (brøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Kommunen har noko høgare kostnader til avløpstenestene enn samanlikningskommunane (kostragruppe 2). Kommunens sjølvkostgrad ligg betydeleg lågare enn andre i Kostragruppe 2. Dette har samband med at kommunen bygde nytt reinseanlegg 2016.

Tilsette og årsverk i tenesteområde:

- 12 reinhaldarar fordelt på 9,0 årsverk. Reingjer om lag 15 500 m2
- 2 vaskerassistentar. 1,1 årsverk
- 7 vaktmeistarar fordelt på 5,4 årsverk
- 2 driftsoperatørar vatn og avløp. 2,0 årsverk
- 3 administrative stillingar. 2,5 årsverk
- 2 stillingar i sysselsettingsgruppa. 1,5 årsverk

Bilder vasking i hallen og rensanlegget  
Dei store oppgåvene i 2020 for tekniske tenester, utanom ordinære driftsoppgåver, har vore ferdigstilling av HFF-bustandane (Bismotunet), ferdigstilling av Skei bustadområde og nytt vassverk i Uppnose. På enkelte område har Covid19-pandemien

Reinhald i Skjåkhallen  
Anna Lien.



skapt store utfordringar. Det gjeld spesielt idrettsanlegget i Bismo og reinhald. Idrettsanlegget var stengt store delar av året og har hatt redusert bruk etter at det vart delvis opna opp at frå august. For reinhald så er det skulen som har vore mest utfordrande etter som det har variert mellom gult og rødt nivå. I barnehagane og på Skjåkheimen har det og vore innskjerpingar og styrking av reinhaldet. Reinholdane har vist ein imponerende fleksibilitet for å få utført reinhaldet tilfredsstillande og til riktig tid. Det har gjennom året vore brukt ein del ekstraressursar på reinhald, men har vore heilt avgjerande for å kunne halde bygga i drift.

### Natur og kraftforvaltning

#### Flaumrespons

Skjåk kommune har saman med dei fem andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen utfordra marknaden til å utvikle eit nytt verktøy for flaumvarsling. Prosjektet er organisert som eit «før-kommersielt anskaffelsesprosjekt», der Regionrådet

i Nord-Gudbrandsdal er prosjekteigar, og Skjøppå AS er innleigd som prosjektleiar. Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd. NTNU, NVE, Statsforvaltaren i Innlandet med fleire, bidreg med kompetanse inn i prosjektet. Målet med prosjektet er meir presis og tidlegare flaumvarsling, som gjer at ein kan setje i verk skadeførebyggjande tiltak før flaumen kjem.

Hausten 2019 vart det gjennomført eit forprosjekt for å kartlegge behov og moglegheiter knytt til utvikling av teknologi for lokal flaumvarsling. På bakgrunn av resultatane i forprosjektet, innvilga Norges Forsk-

ningsråd åtte millionar kroner til utviklingsprosjektet med ei tidsramme på tre år.

I «før-kommersielle anskaffelser» er det kjøparen som skisserer eit behov dei ynskjer løyst. Markedet finn løysinga gjennom ei innovasjonskonkurrans, der fleire løysingar blir utvikla parallelt av ulike leverandørar. Gjennom tre fasar konkurrerer leverandørane om å utvikle dei beste løysingane. Etter kvar fase blir løysingane evaluert og dei beste teke med vidare. I siste fase skal minst to innovasjonar bli testa. Les meir om flomrespons her: [www.flomrespons.no](http://www.flomrespons.no)



Synfaring  
flaumførebygging  
i Blåbærmyra.

Foto: Øyvind Pedersen

### Flaumførebygging rundt Bismo


Skjåk kommune søkte NVE om bistand til flaumførebygging i 2019 etter flaumen hausten 2018. Søknaden vart handsama av NVE og dei valde å starte opp eit moglegheitsstudie i juni 2020. I dette arbeidet har ein laga ein hydraulisk modell der ulike flaumførebyggjande løysingar har vore vurdert. Utgangspunktet er ein flaumvoll som går rundt store delar av Bismo. Den blir om lag 2,5 km lang og vil vera 3 meter brei på toppen. På det høgaste vil flaumvollen vere 2-2,5 meter over eksisterande bakkenivå. Kostnadsoverslag og nytte/kost berekning vil snart vere klart og truleg vert forslaget sendt ut på høyring i løpet av våren 2021.

### Viltforvaltning


Dei siste åra har det vore stort fokus på å redusere bestandane av elg og hjort. Kvotene har vore høge og sist haust var det rekordhøg avskyting av begge artar: 133 elg og 182 hjort. Bestandane er større enn måla i bestandsplanen, det vil derfor bli store kvoter også dei neste åra. I samband med hjorteviltjakta er naturforvaltar i kommunen tilgjengeleg gjennom jaktseasonen

ved spesielle hendingar (skadeskyting, pliktig ettersøk, melding om skada vilt osv.) Tilsvarande er det i beitesesongen gjennom administrasjon av det kommunale rovviltfellingslaget. Oppgåver i samband med fallvilt (t.d. påkjørt vilt) er det normalt fleire av kvar veke. Alt hjortevilt over eit år som døyr utanom jakt blir det normalt teke CWD-prøve av (hjerneprøve) og sendt inn til Veterinærinstituttet.

### Felt hjort



### Felt elg



### Andre oppgåver

Det har vore mykje arbeid med vassdragsforvaltning etter oktober 2018: Bistand til privatpersonar med søknader til regionale og statlege mynde, planlegging av ulike tiltak og rådgjeving ved gjennomføring av flaumførebyggande tiltak. Naturforvaltar i kommunen er kontaktperson for NGR, det er i mange tilfelle spørsmål frå publikum om renovasjonsordninga og info som er gjeve i "hentekalenderen". Behandling av søknader om fritak frå ein del kommunale avgifter kjem også innanfor denne sektoren.

Andre oppgåver som det blir arbeidd med ofte: Motorferdsel i utmark, forureining, forsøpling, miljøfyrtårn, verneområdeforvaltning, biologisk mangfald, friluftsliv. Bilde mårfelle i elv

### Samarbeidet med felles kontor for plan, byggesak, miljø og beredskap

Skjåk etablerte felles kontor for plan, byggesak og miljø i 2019. Naturforvaltar i Skjåk vart da tilsett i 50 % stilling ved felleskontoret, men gjekk tilbake til Skjåk kommune i 100 % stilling i 2020. Mange av oppgåvene innan miljø- og naturforvaltning skjer i samarbeid med kontoret i Lom.

### Sal av teneste

Naturforvaltar er sekretær i villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen. Dette er eit oppdrag Skjåk kommune gjer på veggen av Statsforvaltaren i Møre- og Romsdal. Det utgjer eit årleg sal av tenester på 200-250 timar. Skjåk kommune har hatt dette oppdraget sidan 2008. I 2015 var oppdraget ute til ny anbuds konkurranse. Skjåk kommune sitt tilbod ble godt rangert og vi fekk tilbod om ny kontrakt frå og med 2016. Skjåk kommune sel også Naturforvaltar sine tenester til Norges jeger- og fiskeloforbund sitt fylkeslag i Oppland. Det utgjer årleg eit sal på om lag 300 timar. Oppgåvene gjeld primært arbeid med barn og ungdom og rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv. Naturforvaltar hadde i fleire år arbeidd for NJFF-Oppland før han vart tilsett i Skjåk kommune hausten 2011. Det var ynskjeleg frå begge partar at dette arbeidet til ein viss grad kunne fortsette gjennom sal av tenester. Dette er i dag regulert gjennom ei kontrakt mellom NJFF-Oppland og Skjåk kommune frå 2017.



Justering av vassnivå i beverdam.

Foto: Sander Sælthun

### Plan, byggesak og miljø

Det er felles plankontor for Lom og Skjåk innan fagområda plan, byggesak og miljø. Plankontoret ligg på Midtgard i Lom, og Lom kommune har personalansvaret for dei fem tilsette.

Dei to byggesakshandsamarane har kvar veke kvar sin kontordag i Skjåk. 93 byggesaker vart handsama i 2020. I tre av byggesakene vart det gjennomført tilsyn etter byggtknisk forskrift.

Kommuneplanen sin arealdel var ute til fyrste gongs offentleg ettersyn i 2020. I tillegg kom det inn eitt privat reguleringsplanforslag.

Frå 1. september 2020 ligg det også ei 20 % stilling som felles beredskapskoordinator for Lom og Skjåk til plankontoret. Arbeid med beredskapsplanar og ROS-analyser, kontakt mot operative aktørar og deltaking i kriseleiing og beredskapsråd er blant oppgåvene som ligg til stillinga.

### Kommuneplanen sin arealdel

Felles plankontor for Lom og Skjåk arbeidet i 2020 vidare med revisjon av kommuneplanens arealdel for Skjåk.

Planen låg ute til offentleg ettersyn og høyring i perioden 27.04 – 11.06. Det kom inn 26 skriftlege uttaler til planen. Fylkesmannen i Innlandet og NVE hadde fleire motsegner til planen. Fylkesmannen har mellom anna motsegn knytt til krav om høgare arealutnytting for føreslege bustadområde på Hulderhaugen, og motsegn knytt til manglande utgreiingar og avbøtande tiltak med omsyn til villrein for føreslegne utbyggingsområde for fritidsbustadar. NVE sine motsegner er knytt problematikk kring flaum- og skredfare. Dei statlege motsegnene gjer at kommunen ikkje kan vedta planforslaget utan å gjere endringar slik at motsegnene kan bli trekt attende. Blir ikkje motsegnene trekt attende, må kommunen bringe saka inn for mekling eller i siste instans til avgjerd i departementet.

Plankontoret arbeider no med revisjon av planforslaget. Fleire av forslaga som låg inne i det første planutkastet er teke ut med bakgrunn av uttalar frå innbyggjarane og med bakgrunn i motsegnene, andre er omarbeidd. Ein tek sikte på å legge ut et revidert planforslag til behandling i planutvalet (formannskapet) med nytt offentleg ettersyn og høyring våren 2021. Målsettinga er å kunne gjere endeleg vedtak av planen i kommunestyret før sommarferien i 2021.

### Beredskap – krisehandtering

2020 har vore eit år der beredskapsfunksjonen har vore sær arbeidskrevjande. Covid-19-arbeidet starta i slutten av februar, og vart ein vesentleg del av kommunens verksemd gjennom heile 2020. I Skjåk har alle sektorar vore sterkt involvert i arbeidet.



Ved Ofossen Mølle, tørke og 5.års flaum.



Dronefoto: Elling Starrem

Pandemien utløyste eit behov for omfattande testing og smittesporing. Smittesporing er ein tidkrevjande men nødvendig jobb. Til dette arbeidet vart det oppretta eit eige smittesporingsteam. Mot slutten av året vart det oppretta eit vaksinasjonsteam og lagt planar for massevaksining i Marlo grendehus. Sjølv om Skjåk i løpet av 2020 berre hadde 4 bekrefte smittetilfelle kravde pandemien mykje tid og ressursar.

Av andre hendingar som kan nemnast er snøraset som gjekk over Rv15 i Vikedalene 25. februar. Heldigvis vart ingen bilar teke av raset og vegen vart rydda for ferdsel allereie same dag.

Grunna mykje snø i fjellet og sein vår var det lenge bekymring for at snøsmeltinga ville utløyse ein storflaum. Flaumen vart større enn vanleg og mykje dyrka mark vart sett under vatn, men det vart ikkje noko verkeleg skadeflaum.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet innan Miljø- og samfunnsutvikling har i 2020 auka sett i forhold til dei føregåande åra. Totalt kom avdelinga ut med eit sjukefråvær på 7,4 %. Dette er over målsetjinga, og noko som sektoren til liks med resten av kommunen arbeidar for å redusere.

### Sjukefråvær Miljø- og samfunnsutvikling

2017	2018	2019	2020
5,8 %	5,3 %	4,8 %	7,4 %

## 09

# Kommunedirektør, stab og politikk

## Økonomi

På dette området er det eit mindreforbruk på 1 990 538 kroner. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til låge pensjonskostnadar og dermed redusert arbeidsgjevaravgift.

## Sjukefråvær

Med 6 tilsette i dette område er det for få tilsette for å kunne syne ei felles oversikt over nærvære/sjukefråværet. Dette for å ivareta omsynet til den enkelte medarbeidar.

		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik	Rekneskap 2020
100	Kommunedirektør	7 583 874	8 259 000	-675 126	7 730 344
103	Personal og organisasjonsutvikling	1 990 056	2 444 000	-453 944	2 042 640
104	Økonomi	3 089 532	3 951 000	-861 468	3 302 213
<b>TOTALT</b>		<b>12 663 462</b>	<b>14 654 000</b>	<b>-1 990 538</b>	<b>13 075 197</b>

## Politisk organisering



## Tal på møter og behandla saker i dei politiske utvala i 2020

Utval	Tal på møter	Behandla saker
Kommunestyre	11	73
Formannskapet	17	75
Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling/Miljø- og næringsutvalet	10	100
Hovudutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur/Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg	10	31
Eldrerådet	5	6
Brukerådet	4	100
Ungdområdet	3	17
Administrasjonsutval	5	6
Kontrollutvalet	17	4

For å hindre spreiding av Covid-19 har fleire av dei politiske møta vore gjennomført som digitale fjernmøter i 2020. Gjennomføring av politiske fjernmøter har vore ei effektiv løysing og ei nyttig læring for politikken og administrasjonen. Dette er ei erfaring vi tek med oss framover.

## Politiske seminar og deltaking

Type seminar	Dato	Utvalg
Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal	21.2, 17.4, 26.6, 23.10 og 11.12	Ordfører, varaordfører og opposisjonsleiar
Folkevalgtopplæring	20.02	Kommunestyre
Gudbrandsdalstinget	17.06 og 26.-27.10	Ordfører, varaordfører og opposisjonsleiar
Agenda Innlandet-konferansen 2020	14.01	Ordfører
KS regionsamling	15. – 16.10	Ordfører
RV 15 vegforum	9.1, 22.1, 30.1, 20.5, 19.6, 14.7, 8.-9.9 og 7.12	Ordfører
SI i møte med ordførarane i Nord-Gudbrandsdalen	23.01	Ordfører
Brannstyre	24.3, 5.11, 18.12	Ordfører
Som ein del av arbeidet med pandemien har det vore møte kvar veke med Statsforvaltaren		Ordfører
Kommunale beredskapsmøter	Over 30	Ordfører og varaordfører etter behov
Møter og samling med LVK (Landssamanslutning for vasskraftkommunar)	9.-10.3, 19.5, 13.10, 03.11, 11.-12.11	Ordfører og opposisjonsleiar
Møte med Helseministeren, sjukehusstruktur	15.10	Ordfører
Perspektivkonferanse, Helse-Sørøst	14.02.	Ordfører

# Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtaler



Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
6 K Helse-6 K Skole-6 K Næring-6 K Personal/Økonomi	Samarbeid		Rådmannssamarbeid
Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal	Vertskommuneavtale	Vågå	
Barnevern	Vertskommuneavtale	Sel	Frå april 2019
Bibliotek fagleiar	Kjøp av tenster frå Lom	Lom og Skjåk	Utprøving
Felles legevaktvarsling	Vertskommuneavtale	Sel	
Fjellnettverket	Foreining		Norsk Fjellsenter
Geodatasamarbeid - NGGIS	Vertskommuneavtale	Sel	
Gudbrandsdal krisesenter IKS	IKS	Lillehammer	
Gudbrandsdalsmusea AS	AS		Inkl. private og midtdalen
IKA Opplandene	§27		Arkivfagleg samarbeid
Innkjøpskontor	Vertskommuneavtale	Vågå	
Innlandet revisjon	IKS	Lillehammer	
Intermediær korttidsavdeling (NGLMS)	Vertskommuneavtale	Sel	Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk
IT tenester for Lom og Skjåk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Jordmor vaksamarbeid	Samarbeid	Sel	
Karrieresenter	Samarbeid		Driftstilskot
Kart og oppmåling	Kjøp av tenester	Vågå	
Kommunal psykolog	Vertskommuneavtale	Lom	Vågå, Lom og Skjåk
Koordinator i samfunnsmedisin	Vertskommuneavtale	Sel	Ikkje tilsett
Kulturskule	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Landbruk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Lokalmedisinsk senter NGLMS	Vertskommuneavtale	Sel	

Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
Lom og Skjåk Brannvesen	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Nasjonalparkriket Reiseliv AS	Samarbeidsavtaler		
NAV - Gjeldsrådgivning	Vertskommuneavtale	Sel	
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap	IKS		
NG-Regionråd / Regionkontoret	§ 27	Sel	Eige rettssubjekt
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	Vertskommuneavtale	Sel	
Personvernombod	Vertskommuneavtale	Lesja	Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk
Plan, byggesak, naturforvaltning	Vertskommuneavtale	Lom	
Psykisk helsevern	Vertskommuneavtale	Lom	Lom og Skjåk
Regional legevakt	Vertskommuneavtale	Sel	
Regiondata	§ 27	Sel	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Rådmannsutvalet (RU)	Samarbeid		Rådmannssamarbeid
Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen	§ 27	Lom	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Skatteoppkrevjar, arbeidsgjevarkontroll	Vertskommuneavtale	Vågå	
Skogbrukssjefstilling	Vertskommuneavtale	Vågå	
Skåppå AS	A/S	Vågå	
Sysselsettingsgruppe	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tildelingskontor	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tilsyn i byggesaker	Vertskommuneavtale	Vågå	
Vaksenopplæring grunnskuleopplæring	Samarbeid	Lom	Fram til juni

# GLIMT FRÅ 2020

AUGUST



## DEN NYE SKJÅKHEIMBUSSEN

Den kom i sumar, og i august var fyrste køyreturen. Den skal sørge for transport av dagpasientar, bebuarar i institusjon og omsorgsbustadar.



Foto: Lars Kurt Haugen

## STRYNEFJELLSVEGEN

Etter omfattande restaureringsarbeid av Strynefjellsvegen var det reopning av denne perla av ein veg. Gamle murar og stabbesteinar er teke vare på, eit stort arbeid er utført!

SEPTEMBER

## SKJÅK INDUSTRIUTLEIGEBYGG AS

Kommunen løyvde maksimal bagatellmessig støtte over næringsfondet til ny hall til utvikling av Interfil AS.



Illustrasjon/3D: Sebb AS

## LASTSIKRINGSKURS

Næringskontoret arrangerer lastsikringskurs.



OKTOBER

## OKB-SAMLING

Helge Skjåk sitt museum er ferdig og ordføreren fekk kome inn og sjå OKB-samlinga hans.



Foto: Arve Danielsen

NOVEMBER



Illustrasjon: Fevrii

## MARLO SKULE

Marlo skule blir selt.

NOVEMBER

## NÆRINGSSTRATEGI

Næringsstrategi, oppstartssamling med Næringslivet i Marlo grendahus. Lokalmat frå Ramstad Gard. Inspirasjonsforedrag ved Karl-Fredrik Tangen.



Foto: Elling Starrem

DESEMBER

## SKJÅKPRISEN

Finn Sandum blir tildelt Skjåkprisen for diktning, song, samfunnsengasjement og kulturperson.



Foto: Vigdis Kroken

## KULTURSKULEN

Kulturskulen har nettbasert konsert som ligg ute over tid.



Foto: Skjåk kulturskule



Skjåk kommune